


JØRGEN AMDAM OG FINN OVE BÅTEVIK

## DEI FRAGMENTERTE SAMFUNNA – ANALYSE AV UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGER PÅ INDRE NORDMØRE

3 timar til:



# INNHALD

STRATEGIAR OG TILTAK.....	4
Sats på Trondheim og å gjere regionen større – kommunikasjonar – Todalsfjordprosjektet .....	4
Sats på næringsutvikling der dere er gode .....	5
Sivilt samfunn – haldningar og entreprenørskap.....	7
Offentleg verksemd .....	7
DEL I. STRATEGISK ANALYSE.....	9
Perspektiv .....	9
Innhaldet i del I og II.....	10
Situasjon og utfordringar.....	11
Indre Nordmøre – det fragmenterte regionsamfunnet.....	11
Produserande spreiddbygd region .....	13
Stagnerande eksportregion .....	13
Sterkt kollektivt entreprenørskap? .....	14
Sterke kunnskapsmiljø .....	15
Vurdering av tilhøva og framtid.....	17
Regionforstørring .....	17
Næringsutvikling.....	18
Sivilt samfunn .....	21
Offentleg verksemd .....	22
Samarbeidet mellom aktørar – kapabilitet .....	25
Samarbeid med Trondheim .....	25
DEL II .....	27
Regionane Surnadal og Sunndal .....	27
Lange trekk i befolkningsutviklinga .....	28
Sunndal-regionen .....	28
Flyttetap gjennom etableringsfasen.....	29
Alderssamansetning med varsel om ny nedgang?.....	30
Surnadal-regionen .....	30
Flyttetap gjennom etableringsfasen.....	31
Lite grunnlag for vekst med dagens alderssamansetning.....	32
Hovudtrekk i busetnadsutviklinga.....	34
Senterstruktur, sørvisnæringar og tettstadsutvikling.....	36
Pendling – ein integrerande faktor for regionane?.....	40
Identitet og avisstruktur.....	43
Næringar og utdanningsnivå .....	46
Næringshistoriske hovudliner .....	48
Erfaringar med interkommunalt samarbeid.....	50
Surnadal kommune.....	51
Rindal kommune .....	52
Halsa kommune.....	54
Sunndal kommune.....	55
Tingvoll kommune .....	56
Neset kommune .....	58
Faktablad .....	60
Surnadal kommune.....	61
Rindal kommune .....	62
Halsa kommune.....	63

Sunndal kommune .....	64
Tingvoll kommune .....	65
Neset kommune .....	66
Referansar.....	67

## STRATEGIAR OG TILTAK

I del I og II seinare har vi peika på mange utfordringar for indre Nordmøre. I denne oppsummerande og innleiande delen og som vert grunngeven i del I og II, vil vi setje fokus på nokre strategiske område og moglege tiltak som vi meiner er spesielt viktige.

Området framstår i dag som produksjonssamfunn som er splitta mellom to svake senter, Sunndalsøra og Surnadal sentrum. Svak senterstruktur, lavt folketal og sterk konkurranse frå byane Trondheim, Molde og Kristiansund gjer at det er vanskeleg å utvikla avanserte offentlege og private servicefunksjonar som kan føre til arbeidsplassar som krev høgre utdanningsnivå.

Indre Nordmøre framstår som eit fragmentert samfunn på grunn av dårlege interne kommunikasjonar, kulturell splitting mellom bonde- og arbeidarkultur og svak sams identitet, samstundes som ein har fellesskap i liten vekstkraft og perifer lokalisering. Regionen er storeksportør av råvarer, men i aukande grad er denne også supplert med stor nettoeksport av ungdom – spesielt unge kvinner. Den individuelle og næringsretta entreprenørskapen er lav, samtundes som området har sterke tradisjonar innan kollektivt entreprenørskap. Samstundes har området, paradoksalt nok, dei største reine forskingsmiljøa i Møre og Romsdal og høg kompetanse og kunnskap innan friluftsliv og utmarksnæring.

### **Sats på Trondheim og å gjere regionen større – kommunikasjonar – Todalsfjordprosjektet**

Ein vanleg strategi for å få til ei betre utvikling i eit utkantområde i dag er å betre kommunikasjonane til vekstområde, spesielt om ein kan verte ein del av pendlingsområdet til dette. Dette er ein vanskeleg strategi for indre Nordmøre. Dels skuldast dette at avstandane er for store for dagpendling til område som Molde, Kristiansund og Trondheim for størstedelen av området. Dels er Molde og Kristiansund så små som regionar og med så liten dynamikk, at dei vil kunne gi tvilsam ”dragkraft”. *Berre Trondheim har slik vekst i kompetanse- og servicearbeidsplassar at regionen kan fungere som ”motor” for indre Nordmøre, men dette krev så gode kommunikasjonar som mogleg dit.*

Trondheimsområdet er så langt unna at det ikkje kan gi direkte pendlingshjelp. Stordelen av indre Nordmøre er alt i dag i realiteten innanfor 3-timers sona som ofte vert kalla ”urbanisert landsbygd” rundt storbyar der mange finn det attraktivt å bu og arbeide (fjernarbeid m.m.), fordi ein har tilgang både til positive bygdekvalitetar og bykvalitetar innan rimeleg reisetid. Mange har arbeidssituasjonar der dei har behov for ein arbeidsdag eller to i veka i til dømes Trondheim, elles kan dei arbeide heime. Reisetid på 2 og til nød 3 timar ein veg viser seg å vere akseptabel for slike om dei opplever samfunnet dei bur i som positivt og attraktivt – men dess kortare reisetid dess betre.

For indre Nordmøre som region vil dette krevje to kommunikasjonsmessige hovudtiltak:

- a. Todalsfjordprosjektet for å binde saman regionen til ei eining og gjennom dette få eit befolkningsgrunnlag som gjer at ein kan bygge opp moderne regionale tenestefunksjonar m.m. Det er viktig at tidsavstanden mellom sentra vert kortast mogleg.
- b. Kommunikasjonsforbetring til Trondheim for å kunne få best mogleg tilgang til ”bykvalitetar” både for innbyggjarar og næringsliv, samstundes som ein ligg utanfor ”dagpendlingsområdet” prega av ”sovebygdetutvikling”.

Ein slik strategi vil krevje at ein ”byggjer regionen” som livskvalitet-, bu- og arbeidsområde samstundes som ein satsar på å verte meir integrert i ein ”dynamisk storbyregion”, og det einaste storbyområdet som er nært nok er Trondheim.

Ut frå mi vurdering bør ein ikkje vente vesentleg auke i pendling, servicereiser m.m. mellom Sunndal og Surnadal som følgje av Todalsfjordprosjektet direkte – det daglege materielle nivået. Dette sambandet er viktig for å binde området tettare saman – for samfunnsbygging, det gir høve til politisk maktbygging, det gir høve til stordriftsfordelar og kompetanseheving innan offentleg produksjon. Først og fremst gir det høve til å få etablert ”skjeldenfunksjonar” i området som er vanskeleg å få grunnlag for i dag fordi folketalet er for lite i kvar av dei eksistrande bu- og arbeidsmarknadsregionane.

Området som ei samla eining blir også ein langt meir interessant samarbeidspartnar i ”Midt-Noreg”. Til dømes vil forskingsmiljøet i Sunndal verte meir interessant for NTNU/SINTEF-miljøet med kortare tidsavstand. Men slike effektar av kommunikasjonsendringar krev at aktørane i området samarbeider tett og ikkje viklar seg inn i ”lokaliseringsstridar” m.m. på ein øydeleggande måte. Eg vil også presisere at i denne samanhengen er Todalsfjordprosjektet viktigare for Sunndal enn Surnadal.

Mykje talar for at området bør etablere eit sams politisk maktorgan som ei ”regionkommune” for å kunne ha eitt sams utviklings- og vedtaksorgan.

### **Sats på næringsutvikling der dere er gode**

#### *Kompetansenæringar*

Eg har i del I peika på at dei produserande næringane er i sterk tilbakegang i Vesten og dette rammar området hardt. Men også i Vesten ser ein at det samstundes foregår ein geografisk konsentrasjon, ei regional spesialisering – og slike spesialiserte område greier seg betre i den internasjonale konkurransen enn svakare miljø, ja dei kan faktisk ha vekst. Mykje av forklaringa kan vere knytt til høg kompetanse, skreddarsaum i staden for masseproduksjon, marknadsspesialisering m.m. – ofte med eit samleord kalla ”fleksibel spesialisering”. Sjølv innan landbruk ser ein at dersom det er utvikla særskilte produkt med høg kvalitet, spesiell smak m.m. så er delar av marknaden villig til å betale nok for slike spesialitetar til at verksemdar kan overleve i konkurranse med meir masseproduserte varer.

På indre Nordmøre er det i det minste fire slike felt der det bør vere mogleg å bygge miljø gjennom ein strategi for ”fleksibel spesialisering” og der det er aktivitetar på gang og som ein samla region må støtte opp under:

- a. **Aluminium – metallteknologi.** Verket kan karakteriserast som masseproduksjon av aluminium med grunnlag i rimeleg energi. Men samstundes er det bygd opp eit stort og godt forskings- og utviklingsmiljø innan metallteknologi. Produktutvikling og produksjon, ikkje nødvendigvis i stor skala, men som kan vere viktig for avgrensa nisjar og marknader som ikkje er interessante for masseprodusentane, er felt der det bør vere mogleg å utvikle ny og vidareutvikle eksisterande kunnskapsbasert produksjon og utviklingsarbeid.
- b. **Akvaforsking.** Spesialkompetansen som er utvikla over lang tid i Sunndalsøra bør kunne nyttast til fleksibel produksjon og kunnskapsbasert utvikling på same måten som for metall.
- c. **Friluftsliv, oppleving og reiseliv.** Området må ha ein betydeleg ”taus” kunnskap innan dette feltet som dels bør kunne nyttast næringsmessig, men også systematisk til å heve livskvaliteten og attraktiviteten til området – spesielt for ”fotlause ressurspersonar” som kan arbeide ”kvar som helst”. I Skottland og Wales er det påvist at mange nye føretak er etablert av innflyttarar som tek verksemda si med seg til eit område dei vil kunne trivast og der dei lett kan dyrke sine interesser som fisking, klatring, jakt m.m. Ein slik strategi kan derfor fungere både til å skape tilflytting og som sjeldentenester til bymennesker som vil kjøpe oppleving. Spesielt den gode tilgangen på slike kvalitetar i lag med nærleik til Trondheim, vil truleg vere noko av

dei største verdiane til området framover. Men dette krev bevisst tilrettelegging og også at det sivile samfunnet er ”inkluderande” – at slike goder vert tilgjengelege for innflyttarar på ein positiv måte. I ein samfunnsbyggande samanheng er ein slik bruk av naturressursar truleg viktigare enn det ein kan oppnå i ein reiselivsamanheng om ikkje denne er ”skreddarsydd” og fungerer sesongutvidande.

- d. Området har eit meget aktivt **jordbruk og skogbruk** og som må vidareutviklast gjennom spesialisering og i kombinasjon med spesielt pkt. c ovanfor.

Kva er samarbeidseffekten? Innan a og b ovanfor kan ein hevde at dette er ”Sunndalssaker”, men den store innpendlinga til Sunndal frå omegnskommunane viser at vellukka satsing vil ha ringverknader for heile området og spesielt etter at Todalsambandet er på plass. I begge tilfella ser ein at aktivitetane er sterkt utsett for internasjonale og nasjonale endringar, til dømes bevisst kanalisering av forskingsmidlar til større nasjonale senter eller bedriftsintern omlokalisering eller strategiendring. Skal slik verksemd kunne utviklast og tryggast krevs eit aktivt samarbeid mellom lokale føretak og kommunane med fleire. Eit aktivt regionalt samarbeid vil også gi mellom anna større politisk styrke og tyngde i forhold til offentlege og andre flaskehalsar.

Landbruk og friluftsliv/oppleving er eit typisk samarbeidsområde fordi ressursane i stor grad er sams eller supplerande. Ein samla strategi for utvikling av landbruk, friluftsliv og spesialisert reiseliv har svært mykje å vinne på strategisk og praktisk samarbeid og arbeidsdeling slik at ein unngår overinvestering innan nokre felt og underinvestering innan andre. Det er ein lei tendens innan dette feltet til at alle satsar på det same med overkapasitet og miljøforsimpling som resultat.

#### *Utvikling av tenestenæringane*

Som eg har peika på i del I er området eit produserande samfunn som ikkje heilt har greidd å ”henge med” i utvikling av det mange kallar ”det postmoderne servicesamfunnet”, eller ”kunnskapssamfunnet” eller liknande – der tenestenæringane dominerer stort. For området betyr dette konkret stor flukt av ungdom, spesielt unge kvinner som går inn i servicenæringane i andre regionar. Utfordringa er at det er vanskeleg å heve servicenivået, ja faktisk å halde på det eksisterande, når befolkningsgrunnet berre er ca. 10.000.

Utan Todalsfjordprosjektet er eg redd for at hovudutfordringa i området vert å halde på eksisterande offentlege og private funksjonar, ein ser alt ein viss stagnasjon på Surnadal sentrum etter god vekst fram til ca. 2000. I Sunndalen kan ein vente seg store utfordringar etter utbygginga av verket.

Med Todalsfjordsambandet er det mogleg å utvikle området som ein region med 20.000 innbyggjarar. Men ei slik regionbygging skjer ikkje av seg sjølv fordi tidsavstandane mellom dei to sentra er stor også etter sambandet. Pendling er mogleg, men berre så vidt ut frå akseptable tidsavstandar m.m. Men dette gjeld i mindre grad ”skjeldenfunksjonar” som folk ”oppsøker målretta”. Om ein får fleire advokatar til å etablere seg på Surnadal sentrum så vil dei utgjere eit miljø som ligg nært og som kan konkurrere med Trondheim på grunn av større nærleik og lokal- og personkunnskap – og som derfor kan rekruttere fleire – det oppstår ei ”klynge”. Tilsvarende om det for eksempel kan verte eit arkitektmiljø eller eit konsulentmiljø innan aquaindustri på Sunndalsøra m.m. I staden for direkte konkurranse vert det viktig med arbeidsdeling og samarbeid der ein ser heile området som ei eining. Strategien må vere å målretta trekke til området nye tenestefunksjonar samstundes som ein helt på dei eksisterande. Ein må for all del unngå strid om kvar funksjonen skal vere lokalisert i området og som kan resultere i at ein ikkje får den i det heile.

## **Sivilt samfunn – haldningar og entreprenørskap**

Om det er rett det som historikarar som Løseth (2004) og andre peikar på, så var indre Nordmøre prega av "klassekonflikt" m.m. på ein slik måte at entreprenørskap og næringsutvikling nedanfrå vart hindra. Samstundes tyder vurderingane seinare på at det har vore og er høg kollektivt entreprenørskap i området. Denne må nyttast for alt den er verd, spesielt fordi kollektivt entreprenørskap er svært viktig for å bygge tillit, finne fram til sams mål og visjonar og å satse i lag. Men energien må rettast inn mot breiare samfunnsbygging enn i dag og i aktivt samarbeid mellom lag og organisasjonar og kommunar og næringsliv. Den andre store utfordringa knytt til det sivile samfunnet er haldningsutvikling og livskvalitet for unge og ungdom, spesielt unge kvinner. Den store nettoutflyttinga tyder på at mange unge mentalt, på eit tidleg tidspunkt, "vel bort" regionen som framtidsbustad. Grunnane kan vere mange og materielle, men ofte er det samfunnet og familien sine haldningar til eige samfunn som vert spegla av i slike verdival.

I begge tilfella er det svært viktig med haldnings- og normutviklande arbeid mellom barn og unge. Opplæring i og drift av eige føretak i skulen, tett kopling mellom skule og næringsliv og for å vise variasjonsbreidde og kompetanse – ikkje berre dei store arbeidsplassande. Gode eksempel m.m. er tiltak som på sikt kan endre haldningar til entreprenørskap. Like eins aktivisering i frivillige organisasjonar, tilbod og aktivisering for alle barn- og ungdomsgrupper – spesielt unge kvinner.

Som lokalkjende og bufaste i eit område trur vi ofte at vi veit det meste om kva som føregår og at alle andre også veit dette. I det moderne og komplekse lokal- og regionalsamfunnet held ikkje dette stikk. Sjølv den mest lokalkjende kan få store overraskingar om kva som faktisk går føre seg i til dømes småføretak. Dei fleste barn og unge har langt mindre kunnskap om samfunnet sitt enn det som var vanleg i førre generasjon.

Det er fleire grunnar til dette, men ein hovudgrunn er fragmenteringa av det sivile samfunnet. Fram til ca. 1980 var dei fleste innbyggjarar aktivt eller passivt med i ulike fellesorganisasjonar som fungerte som møtestadar og meningsdannarar for "heile samfunnet". Det typiske no i dei fleste lokale og regionale samfunna er mangel på sams lærings- og meningsarenaer. I dei fleste kommunar er det fortsatt stor organisasjonsaktivitet, men mest i nye og "sære" organisasjonar medan fellesorganisasjonane slit eller har vorte profesjonalisert.

Skal ungdom og andre få reell kunnskap om kva som føregår og kva som kan vere moglegheitene i eige samfunn, så må det etablertast nye og integrerande arenaer og prosessar som syter for dette. Og dette er både ei lokal og ei regional utfordring. Indre Nordmøre har like utfordringar og tilhøve innan dette feltet og bør kunne ha stor nytte av sams lærings- og meistringsarenaer og -prosessar innan dette feltet.

## **Offentleg verksemd**

Slik verksemd er svært viktig i regionen med ca. 30 % av sysselsettinga og er samstundes eit felt med store utfordringar på grunn av at området er avsides og fragmentert og lett kan tape slik verksemd i konkurransen med større senter. Spesielt har ein sett at "regionalisering" av statleg lokaladministrasjon lett fører til ei sentralisering. Eit tettare samarbeid og regionforstørring kan føre til at ein greier å halde på og trekke til seg nye offentlege aktivitetar, men det kan også føre til smertefulle val knytt til lokalisering m.m. – og som kan verke øydeleggande for samarbeid. Ei maktstyrking av fellesorgan slik at desse kan fungere som konfliktavklaringsorgan gjennom vedtak, kan vere ein viktig strategi både for generell samfunnsutvikling og for satsing innan offentlig verksemd, jamfør tankane om region- og lokalkommune i del I.






## DEL I. STRATEGISK ANALYSE

### *Perspektiv*

Vår arbeidshypotese er at både materielle og relasjonelle forhold vil vere viktige for kor godt dei einstilte kommunane lukkast i arbeidet sitt. I materielle forhold legg vi næringsmessige, inntektsmessige, geografiske føresetnadar og andre "objektive" føresetnader kommunane har for å lukkast på dei einstilte områda (befolkningsutvikling, næringsutvikling og kulturutvikling). Med relasjonelle forhold siktar vi til korleis samspelet mellom dei ulike aktørane i kommunen og mellom kommunane og andre kommunar, fylkeskommunen og staten artar seg. Patsy Healey (1997) nyttar omgrepet "collaborative planning" om ei form for planprosessar som tek sikte på å inkludere avgjerdstakarar frå det offentlige og det sivile samfunn på ein måte som gjer at "alle gode krefter" kan samlast og dra i flokk. Denne mobiliseringsevna kallar ho institusjonell kapital. Healey deler dette omgrepet i tre; kunnskapsressursar, relasjonelle eller nettverksressursar og mobiliseringsevne. Figur 1 under syner korleis mobiliseringsevna til ein stad er avhengig av både offentleg verksemd, privat næringsliv og det sivile samfunnet.

I dette perspektivet vil den kapasiteten eller evna eit område har for å møte utfordringar, vere avhengig av i kva grad alle aktørane i samfunnet mobiliserar i samsvar dei sentrale utfordringane dei står overfor (Stöhr 1990). Dette krev det Robert Putnam (1993) kallar "sosial kapital" som er samfunnsressursar i form av kunnskap, normer, tillit og sosiale nettverk. Godt utbygde sosiale nettverk vert også vektlagt av sosiologen Mark Granovetter som syner korleis samfunn med den rette typen sosiale nettverk betre enn andre lukkast i å mobilisere i lag på utfordringar og til å orientere seg om moglegheiter (Granovetter 1985). Sosiale nettverk fungerer som kanalar både for informasjon og innverknad.



**Figur 1. Regional kapabilitet som eit samspel mellom materielle og relasjonelle forhold**

Kommunar som i større eller mindre grad inngår eit regionalt nettverk av kommunesamfunn kjem i mange samanhengar sterkare ut enn kommunar som står aleine. Anna forskning har vist

at dei relasjonelle ressursane ofte er sterkt til stades i regionar som er kjenneteikna av vekst (Amdam 1991 og Arbo og Bukve (1991) ).

Kommunar som gjennom utviklingsprosjekt har forsøkt å ha eit regionalt fokus, har erfart at det er mykje vanskelegare å mobilisere regionalt enn lokalt – spesielt om ein manglar ein sams meiningsdannande arena og aktør om kommunen kan vere. I nokre samanhengar kan ein lukkast, men i andre samanhengar kan ein oppleve direkte motstand mot regionale løyingar og samhandling, sjølv om dei openbart er til felles fordel: Helgetun (2003) framhevar i sin sluttrapport frå utviklingsprosjektet ”Rindal i vekst” ei rekke grunnar til at dette er slik:

- ”Vi har ingen felles erkjennelse av at regional utvikling i stadig sterkare grad blir en forutsetning for opprettholdelse av våre lokalsamfunn på sikt
- Vi har ikke oppdaget/erkjent våre felles verdier som plattform for samhandling (vi er verken opptatt av å utvikle disse vidare, eller redde nok for å tape de) vi er mer opptatt av å ta tak i verdier som er felles for så å utvikle disse til lokale konkurransefortrinn (ta lokalt eierskap til fellesverdiene)
- Vi har ikke oppdaget våre felles utfordringar som store nok til at vi finner det nødvendig å samhandle om løsningene. Vi føler ikke behovet sterkt nok.
- Vår mistenksomhet og mangel på enhetsfølelse er mye større enn vår spede vilje til samarbeid
- Vi er i en brytningstid der regiondanninga er under forming – vi tør ikke ta de nødvendige initiativene av frykt for å gjøre feil
- Mangel på naturlige regiongrenser er både vår svakhet – og vår styrke”

## ***Innhaldet i del I og II***

Ut frå modellen i figur 1 er del I bygd opp slik:

1. Ei samanstilling og poengtert samandrag av *situasjon og utfordringar* i området slik dei kjem fram i del II, spesielt med sikte på å finne aktuelle samarbeidsområde og område der det kan påvisast klare samarbeidseffektar – venstre del av figur 1.
2. Vurdering av evna til og moglegheitene for tiltak og samarbeid innan dei mest sentrale felta og med forslag til respons (tiltak) – midtre og høgre del av figur 1.
3. Oppsummering i forhold til dei to hovudproblemstillingane i oppdraget. Denne er innarbeidd som innleiing og oppsummering av strategiar først i denne rapporten.

Del II er bygd opp med grunnlag i analysebehova formulert i oppdraget og med desse hovudpunkta:

- Lange trekk i befolkningsutviklinga
- Hovudtrekk i busetnadsutviklinga
- Senterstruktur, sørvisnæringar og tettstadsutvikling
- Pendling – ein integrerande faktor for regionane?
- Identitet og avisstruktur
- Næringar og utdanningsnivå
- Næringshistoriske hovudliner
- Erfaringar med interkommunalt samarbeid
- Faktablad for kvar kommune

Funna i analysen i del II dannar i lag med andre kjelder grunnlag for vurderingane, drøftingane og forslaga i del I. I del I er det lagt vekt på å fange opp hovudliner og hovudutfordringar og samstundes ”provosere” til debatt og tiltak gjennom det nokre vil oppfatte som overdrivne karakteriseringar og påstandar – dette er gjort med vilje.

## **Situasjon og utfordringar**

### **Indre Nordmøre – det fragmenterte regionsamfunnet**

Er indre Nordmøre ein region i dag, om den ikkje er kan området bli det i framtida? På det første spørsmålet må ein svare klart nei – det er kanskje to regionar der i dag, på det andre spørsmålet er svaret kanskje ja, men neppe med alle delar av kommunane Halså, Nesset, Rindal, Sunndal, Surnadal og Tingvoll. La oss sjå på den faktiske situasjonen slik den står fram i del II.

1. Området har ei klar **todeling i kommunalt samarbeid** knytt til a) Sunndal med Tingvoll og Nesset og b) Surnadal med Halså og Rindal. Men samstundes har grannekommunane til dei to hovudkommunane også tette samarbeid med sine grannekommunar og i retning Molde (Nesset), Kristiansund/Frei (Tingvoll) og kommunar i Sør-Trøndelag (Halså og Rindal). Grannekommunane sine alliansar med respektive Sunndal og Surnadal framstår som labile. Samstundes er det lite samarbeid mellom Sunndal og Surnadal mellom anna på grunn av vanskelege kommunikasjonar (ferje), noko Todalsfjordprosjektet kan endre.
2. **Kulturelt** synes området berre å ha "Nordmørsidentiteten" sams og denne omfattar eit vesentleg større område. Lokalavisstrukturen er her spesielt interessant fordi ein får fram eit bilde av "bondekultur" (Driva – spesielt Surnadal men også Rindal, Nesset) som står mot "arbeidarkultur" (Aura avis – spesielt Sunndal men også Tingvoll) som to forskjellige samfunn som lever i same geografiske område. Men samstundes er det større regionaviser som Adressavisa - Trondheim (Rindal), Tidens krav – Kristiansund (Halså og Tingvoll) og Romsdal budstikke – Molde (Nesset) som er dei dominerande avisene i omegnskommunane og som viser at eit fleirtal av innbyggjarane i desse kommunane kan ha sterkare identitet/interesser til nærliggande byar enn til "regionsenteret" sitt.
3. **Pendlinga** viser at det er liten arbeidsintegrasjon mellom Sunndal og Surnadal – 23 pendlar frå Sunndal til Surnadal og 111 andre vegen. Nesset er klart meir integrert i Molderegionen (254) enn i Sunndalsregionen (107). Tingvoll er splitta mellom Sunndal (184 pendlarar) og dei to byane på ytre (181 til saman). Medan Sunndal har stor netto innpendling, er det meir balanse mellom Surnadal og omegnskommunane Halså og Rindal. Det er fleire som pendlar frå Surnadal til Trondheim (71) enn til Kristiansund/Frei. Bortsett frå for Tingvoll (113) og Halså (44) framstår Kristiansund som lite viktig arbeidsmessig for Indre Nordmøre. Unnateke Nesset er det same tilfelle for Molde.
4. **Bydominans av svake regionsenter** er ord som det er nærliggande å bruke om situasjonen i området. På kart 1 er teikna inn 3 timar offisiell reiseavstand med privatbil i forhold til Molde og Trondheim. Denne tidsgrensa kan sjåast som eit uttrykk for maksimal reiseavstand for "skjeldenservice" og dei typiske trekka er at Surnadal, Rindal og Halså er innanfor Trondheim sitt "dominansområde", medan Sunndal er på grensa av dette, men innanfor Molde sitt felt. Samstundes er Trondheim ein klart sterkare "magnet" enn Molde og spesielt innkorting av reisetida mellom Sunndal og Surnadal vil gjere at Sunndal og Tingvoll vil kome mykje klarare innanfor "Trondheimssona". Dette sambandet kan vere eit tve-egga sverd om ikkje området utnyttar moglegheitene som vert skapt.
5. **Bu- og arbeidsmarknadsregionar.** Juvkam (2002) har delt indre Nordmøre i to bu- og arbeidsmarknadsområde; a) Sunndal og Tingvoll og b) Surnadal, Rindal og Halså. Nesset er rekna til Molde-regionen ut frå den høge pendlinga dit. Opplysningane

presentert i del II styrkar denne vurderinga. Nesset høyrer tvillaust til Molderegionen i dag. Også Tingvoll har aukande pendling i vestleg retning, men er splitta mellom Molde og Kristiansund. Stagnasjon i Sunndal vil tvillaust føre til at innbyggjarane i Tingvoll vil orientere seg meir vestover. Strukturen synes klarare i Surnadalregionen. For begge regionane har pendlinga ut av regionen auka frå 1990 til 2000, spesielt i Surnadalsregionen.

Det denne oppsummeringa viser er at svak intern kommunikasjonsmessig integrering, liten eigendynamikk og sterke eksterne krefter dreg området i ulike retningar kulturelt, arbeidsmessig, service m.m. Resultatet framstår som ”fragmentert og kaotisk” sett i forhold til interessefelleskap og sams utfordringar. Sjølv om Sunndals- og Surnadalsregionane burde ha mange sams interesser på grunn av si lokalisering, fører denne fragmenteringa og vanskelege kommunikasjonsstilhøve til at samarbeid ikkje kjem av seg sjølv. Sjølv med Todalsfjordprosjektet fullført, noko som vil føre til ei kommunikasjonsmessig samansmelting av dei to regionane, vil det take tid før området er integrert arbeidsmessig, kulturelt m.m. Sjølv utan ferje så vert avstanden ca. 45 km. mellom Surnadal sentrum og Sunndalsøra. Dette gjer at ein ikkje lett kan få serviceintegrasjon og arbeidsdeling mellom desse to sentera tilsvarande til dømes Ørsta-Volda der avstanden er berre 10 km. Men det er ein vesentleg forskjell å kunne køyre mellom sentera på ca. 35 – 40 min. døgnet rundt og dagens situasjon med delvis nattstenging på grunn av ferjer. Den mest merkerte forskjellen vert imidlertid at også Sunndal og Tingvoll klart kjem innan 3 timar reisetid ein veg med bil til Trondheim. I dag er Sunndalsøra ”på vippen” ved lovleg køyring, sjå figur 2.



Figur 2. Område med 3 timar reisetid til Molde og Trondheim. (Kjelde: Kartverket sin rutefinnar)

## **Produserande spreiddbygd region**

Indre Nordmøre framstår i dag som eit område som ”heng igjen” i det gamle produksjonssamfunnet (landbruk og industri) medan store delar av resten av Noreg har utvikla seg til kunnskaps- og servicesamfunn. Sett på spissen så er området underutvikla som servicesamfunn, på lik linje store delar av Vestlandet. La oss sjå på nokre fakta:

1. Berre Surnadal (63%) og Tingvoll (61%) har over 60% sysselsetting innan **tertiærnæringane**, landsgjennomsnittet er 66%. I Sunndal er til dømes tertiærssysselsettinga på berre 54%. Unnateke Halså er sysselsettinga i sekundærnæringane klart høgare i alle kommunane enn landsgjennomsnittet.
2. **Urbaniseringsgraden** – dvs. den delen av innbyggjarane som bur i tettstader, er svært lav i området, til dømes berre 33% i Surnadal og om lag det same eller lavare i alle kommunane unnateke Sunndal (70%). Landsgjennomsnittet er no 76%.
3. **Få servicefunksjonar**. Av 40 private og offentlege funksjonar som Engebretsen (2001) har vurdert endringane av mellom 1970 og 1999 har Sunndalsøra 28 og Surnadal sentrum 27 og i stor grad dei same funksjonane – om lag same nivå som stadar som Sykkylven, Stranda og Oppdal – men mindre enn til dømes Orkanger med 31 og ein vekst i handel frå 167 mill. kr. i 1972 til 487 mill. år 2000. Til samanlikning har eit område som Ørsta/Volda med ca. 18.000 innbyggjarar 38 funksjonar sett som ei eining. Ein vesentleg grunn er at området i realiteten har to bu-, arbeids- og serviceregionar kvar med ca. 10.000 innbyggjarar og som har vanskar med å utvikle seg på grunn av liten heimemarknad, stor utpendling og sterk dragkraft frå nærliggande byar som Trondheim og Molde. Positivt er det at spesielt Surnadal sentrum har auka talet servicefunksjonar frå 15 i 1970 til 27 i 1999, og i same perioden auka omsetninga frå 88 til 268 mill. kr. – til om lag same nivå som Sunndalsøra.

Området framstår i dag som produksjonssamfunn som er splitta mellom to svake senter, Sunndalsøra og Surnadal sentrum. Svak senterstruktur, lavt folketal og sterk konkurranse frå byane Trondheim, Molde, Kristiansund som eigentleg ligg over 2 timar i reisetid ein veg frå størstedelane av området, gjer at det er vanskeleg å utvikla avanserte offentlege og private servicefunksjonar som kan føre til arbeidsplassar som krev høgare utdanningsnivå. Ei regionforstørring ved til dømes Todalsfjordprosjektet vil auke den faktiske regionstorleiken til ca. 20.000 eller til om lag same storleik som Ørsta/Volda og med om lag same avstandstilhøve til nærliggande byar. Ei slik endring burde gi grunnlag for vesentleg fleire arbeidsplassar innan servicenæringane, men dette krev både privat og offentleg entreprenørskap. Det vil også gi grunnlag for konkurranse mellom Surnadal sentrum og Sunndalsøra og der eitt av desse sentera etter kvart vil framstå som ”vinnar” fordi den lange avstanden mellom dei gjer det vanskeleg å utvikle ei ”naturleg” arbeidsdeling slik som ein kan mellom Ørsta og Volda.

## **Stagnerande eksportregion**

Indre Nordmøre er eit produksjonssamfunn som til no har greidd å vedlikehalde og rekruttere i rimeleg grad til desse næringane. Dette ser ein også av flyttegranskingane i del II. Men dette er ikkje nok til å vedlikehalde og utvikle samfunna. La oss sjå på nokre fakta:

1. Begge regionane har **negativ naturleg tilvekst**, dvs. at sjølv om det vart slutt på all flytting så vil folketalet gå ned på grunn av ein ugunstig kjønns- og aldersstruktur.
2. Området greier ikkje å halde på og rekruttere **kvinner**. Området taper ca. 1/3 av unge kvinner og dette er alt for mange til at området kan ha positiv naturleg tilvekst. Spesielt er svikten stor knytt til dei tenesteytande næringane. Av dei 5 årskulla fødd mellom 1960 og 1965 mista Sunndalsregionen 177 og Surnadalsregionen 114 kvinner

som i dag arbeider i servicenæringane, til saman snart 300. Området er det klart verst stilte i heile Møre og Romsdal.

3. Området taper også unge **menn**, men i lavare grad ca. 25% i Sunndalsregionen og ca. 16% i Surnadalsregionen. Primærnæringane og industri har greidd seg rimeleg bra med om lag flyttebalanse, tapet er i vesentleg grad dei tenesteytande næringane som for jentene. For dei fem årskulla fødd i 1960 til 1965 tapte Sunndalsregionen 68 og Surnadalsregionen 40, til saman 108 menn som arbeider innan tenesteyting.
4. Det er dei høgtutdanna som forsvinn slik dei også gjer det i mange andre regionar, men på indre Nordmøre er det også nettotap for dei med eit lavt utdanningsnivå. Spesielt er tapet stort for dei med kortare høgskule- og universitetsutdanning, dei som i dag utgjer ryggrada i private og offentlege tenestenæringar.

Området er ein produserande og eksporterande region særleg knytt til aluminium (Sunndalsøra), energi og landbruksprodukt. Men dei siste åra har den vesentlegaste eksportartikkelen vore velutdanna ungdom, spesielt unge kvinner. I denne samanhengen er det positivt at fleire unge kvinner har fått innpass i lokalpolitikken, noko som bør nyttast til å sette deira utfordringar og behov på den politiske dagsordenen.

Aluminiumsproduksjonen vert no modernisert og rasjonalisert og med behov for stadig mindre arbeidskraft. Tilsvarande må ein rekne med vesentleg strukturrasjonalisering i landbruket og den tilknytte foredlingsindustrien. Behovet for arbeidskraft vil fortsette å krympe sjølv om produksjonsmengda er den same eller aukar. Når denne endringa ikkje vert erstatta av ny produksjon og/eller i vekst i tenestenæringar får ein situasjonen som karakteriserer området. Indre Nordmøre genererer store eksportinntekter, men desse vert ikkje nytta til å skape ringverknad i lokalområdet – dei vert i staden nytta til å kjøpe service m.m. frå andre område. Dels skuldar dette at omlandet for slike funksjonar er for små på grunn av den fragmenterte strukturen, men truleg er det også sterke haldningar i området som hindrar entreprenørskap innan forretningsmessig tenesteyting, reiseliv, oppleving m.m. Her kan ein truleg sjå visse forskjellar mellom Sunndal og Surnadal. Den sterke veksten til Surnadal sentrum som servicesenter tyder på høg innovativ verksemd – kanskje spesielt på 1970 og -80-talet.

Ungdomen – spesielt unge jenter – syner med flytterørslene sine at ”exit” er greiare enn å forsøke å ”gjere noko sjølv”. Dette tyder også på lav identitet og svake band til det lokale samfunnet – lav bulyst.

For Surnadalsregionen tyder den relativt lave nettoutflyttinga for menn (16% som gjennomsnittleg for fylket) at dei ser framtidsmoglegheiter lokalt/regionalt for eit godt liv, men dette hjelper lite når dette synet ikkje vert delt av jentene.

### **Sterkt kollektivt entreprenørskap?**

I studien av Nordvestlandet (Gammelsæter mfl. 2004) vert det peika på at Nordmøre i lag med Indre Sogn tidlegare var prega av klassedeling, klassekonfliktar og lav entreprenørskap – i motsetning til kanskje spesielt Sunnmøre, men også Nord- og Sunnfjord og delar av Romsdalen. Om den næringsretta entreprenørskapen var lav, tyder mykje på høg kollektiv entreprenørskap knytt til organisert verksemd innan bonderørsla, arbeidarrørsla m.m., noko som til dømes Teigen (2004) peikar på som alternative vegar til å skape verksemd og service- og kulturtilbod.

På mange måtar kan ein oppfatte privat og kollektiv entreprenørskap som dels konkurrerande og dels supplerande. Innan næringsverksemd har samvirkeorganisasjonar vorte oppretta i konkurranse med privateigd verksemd og ofte for å kontrollere marknaden betre, redusere privat profitt m.m. Innan kulturfeltet har ein kanskje ikkje dei same spenningane –

”finkulturen” har i stor grad vore privat eller ”statskollektiv” medan folkekulturen har vore organisert kollektivt eller halvkollektivt gjennom at ulike kollektive ”rørsler” har teke ansvar for organisering og formidling. Det interessante er at dei om lag same organisasjonsmessige grepa har vore nytta av to ulike og konkurrerande politiske rørsler med utgangspunkt i landbruk og industri, men som i dag på mange måtar har ”fløte saman” – også fordi det ”ideologisk fotfeste” er svakare i dag.

Sett utanfrå, og utan vitskapleg granskning som grunnlag, framstår indre Nordmøre for meg som eit område med låg privat og høg kollektiv entreprenørskap. Tidlegare kom dette til syne gjennom ein sterk posisjon til ulike samvirkeorganisasjonar spesielt innan handel, distribusjon og kultur. I dag er det mange trekk ved det blomstrande kulturlivet som eg vil peike på som arenaer for kollektivt entreprenørskap. Enkle søk på nettet viser dette mønsteret:

1. I Surnadalsregionen er det jakt, fiske, friluftsliv og sport som synes å ha vore i fokus med mange ulike typar aktivitetar og med vidareutvikling i retning luftsport, motorsport m.m. – som tidlegare peika på mannsdominerte aktivitetar. Dei seinare åra har satsing på nytt kulturhus og festivalar som Vårsøghelga, Laksefestival og Stangvikfestivalen skapt ny aktivitet spesielt om somaren.
2. I Sunndalsregionen finn ein dei same typane aktivitetar men også golf og spesielt rockefestival, kulturfestival m.m. som i større grad kan vere interessant for unge jenter og ungdom utan sterk tilknytning til natur og friluftsliv.

Sjølv om slike aktivitetar kan gi grunnlag for næringsverksemd og sysselsetting, så synes ikkje dette å vere formåla med aktivitetane og entreprenørskapen. Sett i forhold til figur 1 synes aktivitetane å vere avgrensa til det sivile samfunnet, for fritid, kulturoppleving m.m. – men vesentleg tilrettelagt for eiga oppleving og aktivitet, ikkje for ein ekstern marknad. Eit typisk trekk i mange urbane samfunn er at slike fritids- og kulturaktivitetar er med på å skape arbeidsplassar og inntekt for stadig fleire. Dette synes i liten grad å vere utnytta i området.

### **Sterke kunnskapsmiljø**

Det kan oppfattast som eit paradoks at eit område med stor nettoutflytting av velutdanna ungdom likevel kan omtalast som sterke kunnskapssamfunn. Det er faktum at ein på Sunndalsøra finn dei sterkaste forskings- og utviklingsmiljøa i fylket når ein ser bort frå høgskulane som er kombinerte utdannings- og forskingsmiljø. Forskings- og utviklingsverksemda ved Hydro aluminium og aquaforskingsmiljøet er mellom dei fremste og største i Noreg innan sine område og med mykje verdifull både formell og såkalla taus kunnskap knytt til desse fagområda. Med kortare tidsavstand til Trondheim bør denne kunnskapen vere viktig også for kunnskapsmiljø i Trondheim og burde gi grunnlag for utvida samarbeid. Dette krev systematisk arbeid med å utvikle balanserte relasjonar og forskingsaktivitetar også med sikte på praktisk næringsutvikling.

På tilsvarande vis tyder dei mange aktivitetane innan friluftsliv, jakt, fiske, sport, kulturverksemd av ulikt slag m.m. at det i området finst mykje taus kunnskap som bør kunne ha marknadsverdi spesielt knytt til reiseliv og oppleving. Spesielt nærleiken til Trondheim og til dels Molde og Kristiansund gjer at området har ein gunstig marknadssituasjon, noko ein opplever spesielt i Surnadalsområdet knytt til press på hyttebygging m.m.

Ei hovudutfordring er at denne verksemda i liten grad synes å gi ringverknader i form av etableringar av ny verksemd, føretak og sysselsetting. Unntaket dei seinare åra er innan akvaforskning der det vesentleg offentleg eigde Institutt for Akvakulturforskning AS har oppretta datterbedrift for kommersiell avlsforskning.


Manglande etableringsverksemd frå sterke fagmiljø er ikkje noko som berre kjenneteiknar dette området, det er faktisk kanskje meir regelen enn unntak i Europa. For å få til



næringsetableringar trengs det normalt gode sosiale og kulturelle nettverk mellom aktørar innan næringsverksemd, kunnskapsmiljø og offentleg verksemd og i tillegg haldningar i det sivile samfunnet og i etablert næringsliv som fremmar etablering, innovasjon og læring innan og mellom ulike grupper. Det må vere lov å forsøke seg og også å misslukkast, dersom dette kan føre til læring for ulike aktørgrupper. Det er eit gjennomgåande trekk i moderne forskning at negative haldningar, normar, verdiar og miljø i det sivilt samfunn – hjå innbyggjarar og i private og offentlege organisasjonar, til næringslivsaktørar – spesielt dominerande bedrifter, kan vere viktige hinder for entreprenørskap og innovasjon.

I fråver av privat entreprenørskap som mange hevdar kjenneteiknar område av typen indre Nordmøre og indre Sogn er det typisk at det oppstår ulike former for ”halvoffentlege” partnarskap eller selskap som forsøker å ”fyllerom”. Sunndal Aktivum SA og Sunndal Næringssselskap AS kan sjåast som døme på slik ”kollektiv entreprenørskap” – men som i stor grad vert tilretteleggande, samordnande og kanskje initierande i staden for å direkte skape nye aktivitetar.

Figur 3. Tettstader i Møre og Romsdal med meir enn 500 innbyggjarar (1.1.2003) Data frå SSB. Ver merksam på at vi i figuren nyttar SSB sin definisjon av tettstad. Reisesone 45 km frå Sunndalsøra og Sunndal sentrum etter Totalssambandet.





## Vurdering av tilhøva og framtid

Framanfor og i del II har vi presentert situasjon og utfordringar ut frå dagens strukturelle forhold. Området er utvilsamt delt i minst to bu- og arbeidsmarknadsområde med senter i respektive Surnadal sentrum/Surnadal og Sunndalsøra. Kvar for seg er desse regionane små – for små til å kunne få del i den sterke veksten innan spesielt privat service som pregar Noreg for tida. Sterk utflytting av ungdom er ein av konsekvensane. Kva vil kunne skje, kva er utfordringane m.m. om området vart eit bu- og arbeidsmarknadsområde? Dette er det ein kallar ”regionforstørring” og som berre kan skje ved kommunikasjonsforbetringar. Den mest aktuelle på indre Nordmøre er Todalsfjordprosjektet og for å sitere utdrag frå saksutgreiing i sak 03/67 til formannskapet i Kristiansund kommune:

*Etter å ha undersøkt en rekke forskjellige trasé-alternativer og varianter av disse har veivesenet kommet frem til disse hovedalternativer:*

*a) Viromdalsalternativet (Ålvundeidet – Virom – Todalen)*

*b) Børsetalternativet (Ålvundeidet/Børset – Todalen)*

*c) Ålvundfossalternativet (Ålvundfoss – Todalen)*

*Av nøkkeldata /oversiktsopplysninger nevnes (veilengder i km):*

<i>alternativ</i>	<i>kostnad i mill. kr.</i>	<i>tunnel-lengde</i>	<i>vei i dagen</i>	<i>avstand Surnadal - Sunndal</i>	<i>avstand Surnadal – Kristiansund</i>	<i>avstand Surnadal – Molde fergekai</i>
<i>a)</i>	<i>425</i>	<i>7,8</i>	<i>3,0</i>	<i>45,7</i>	<i>128,4</i> <i>84,9* + ferge</i>	<i>134,0 om Sunndal</i> <i>108,4* om Halså</i>
<i>b)</i>	<i>465</i>	<i>9,15</i>	<i>1,0</i>	<i>45,7</i>	<i>126,7</i> <i>84,9* + ferge</i>	<i>134,0 om Sunndal</i> <i>108,4* om Halså</i>
<i>c)</i>	<i>420</i>	<i>8,7</i>	<i>0,7</i>	<i>51,7</i>	<i>118,7</i> <i>84,9* + ferge</i>	<i>140,0 om Sunndal</i> <i>108,4* om Halså</i>

*\* Om Halså /KRIFAST*

## Regionforstørring

Til vanleg reknar ein pendlingsområdet til eit senter til 45 min. reisetid eller ca. 45 km. Utdraget av saksutgreiinga ovanfor viser at dei alternative ferjefrie sambanda mellom Surnadal sentrum og Sunndalsøra vil vere heilt på marginalen i slik reisetid. Med lovleg køyring vil det vere vanskeleg å bruke mindre enn 35 til 45 minutt. Frå pendlingsstatistikk veit ein at når reisetida går over ca. 25 minutt så går pendlingsraten ned, like eins om kostnadene vert høge t.d. på grunn av bomavgifter. Det er derfor svært viktig at ein oppnår så kort reisetid og –kostnad som mogleg gjennom slike regionfortørrande tiltak.


Den moglege framtidige situasjonen er skissert på kartet på figur 3 (omtrentlege grenser). Det nye sambandet vil kunne integrere dei to sentra i ein sams bu- og arbeidsmarknad, men i liten grad dei andre delane av regionane. Ein vil truleg ikkje få særleg auke i pendlinga frå Rindal og Halså til Sunndalsøra eller frå Tingvoll til Surnadal sentrum, men det ein kan forvente er auka integrasjon mellom dei to regionsentera. Dette regionforstørringsprosjektet vil i det alt vesentlege vere viktig for dei to senterkommunane Surnadal og Sunndalsøra. Ein vil i realiteten kunne snakke om ein ny region av Sunndal, Surnadal, Rindal og Halså og truleg delar av Tingvoll og kanskje Nesset – eller ei befolkning på ca. 20.000.

Vil ei slik endring kunne auke evna til området til å møte utfordringar? Kva må i tilfelle til? La oss sjå nærare på desse spørsmåla ut frå figur 1. Regionen eg tek utgangspunkt i omfattar av praktiske grunnar Halsa, Sunndal, Surnadal, Tingvoll og Rindal.

## Næringsutvikling

I del II er kommentert dei langsiktige endringane i næringsstruktur, men også på kort sikt gjennomgår området no radikale endringar. Figur 4 viser næringsstrukturen år 2000 samanlikna med Møre og Romsdal og landet. Det typiske for området er vesentleg høgre sysselsetting i produserande næringer enn fylket og spesielt landet. Surnadal er svært avhengig av primærnæringane, Sunndal av industri. Sysselsettinga innan tenester utanom handel m.m. er om lag på fylkesnivå, men lavare enn landet. Dei næringane der området er "underutvikla" samanlikna med landet er spesielt innan handel og bank/finans.

Tabell 1. viser sysselsettinga etter bustadkommune i 2000 og 2003 (dette omfattar også pendlarar). I løpet av desse 3 åra har det vore ein liten nedgang i sysselsettinga (-52), men samstundes ei dramatisk strukturendring. Ein nedgang på snart 400 sysselsette innan produksjonsnæringane og transport er til dels kompensert av vekst innan bygg- og anlegg, handel, forretningsmessig tenesteyting og tenester. Mykje av denne auken innan bygg, anlegg og eigedomsdrift er truleg midlertidig i samband med utbygginga på verket, det same kan til ein stor grad gjelde handel fordi utbyggingsverksemda "bles opp" den lokale økonomien.



Figur 4. Sysselsettingsstrukturen i Sunndal- og Surnadalregionane i 2000. Kilde: SSB.

Tabell 1. Sysselsetting etter bustadkommune på Indre Nørdmøre 2000, 2003 og endring.  
Kjelde SSB.

Indre Nordmøre – arbeid og bustadkommune	2000	2003	Endring	Endring %
00-99 I alt, alle næringer	9955	9903	-52	-0,5 %
01-05 Jordbruk, skogbruk og fiske	1114	1054	-60	-5,4 %
10-37 Industri, bergv., olje- og gassutv.	2417	2168	-249	-10,3 %
40-41 Kraft- og vannforsyning	145	147	2	1,4 %
45 Bygge- og anleggsvirksomhet	692	750	58	8,4 %
50-55 Varehandel, hotell- og restaurantvirksomhet	1273	1359	86	6,8 %
60-64 Transport og kommunikasjon	558	491	-67	-12,0 %
65-67 Finansiell tenesteyting	125	118	-7	-5,6 %
70-74 Forretningsmessig tenesteyting, eiendomsdrift	371	473	102	27,5 %
75 Off.adm. og forsvar, sosialforsikr.	652	649	-3	-0,5 %
80 Undervisning	690	690	0	0,0 %
85 Helse- og sosialtjenester	1640	1670	30	1,8 %
90-99 Andre sosiale og personlige tjenester	206	259	53	25,7 %
00 Uoppgitt	72	75	3	4,2 %

Om det ikkje skjer vesentlege endringar i rammevilkåra for næringslivet er det truleg at ein i åra framover vil få fortsatt nedgang i sysselsettinga innan produserande næringer på grunn av internasjonale avtalar (WTO – landbruk), modernisering og rasjonalisering i industrien m.m. Samstundes er det sannsynleg at når utbygginga av verket er ferdig så vil spesielt byggeverksemd, eigedomsdrift, handel og kanskje også deler av offentleg og privat tenesteyting verte redusert til eit nivå som år 2000, kanskje lavare. I tilfelle kan det kome ein reduksjon i sysselsettinga på 1000 til 2000 frå år 2000 til 2010 i sjølve området, noko som truleg berre i mindre grad kan kompenseres gjennom auka arbeidsreiser ut av området.

Tabell 2 viser sysselsetting etter arbeidskommune i 2000 og 2003 (noko enklare næringsgruppering enn på tabell 2, men same grunnlagsdata frå SSB). I 2003 er det ca. 600 færre arbeidsplassar i området enn det er folk i arbeid (netto utpendling). Den store nedgangen i produserande næringer er til dels kompensert med vekst i private tenesteytande næringer, men som i høg grad kan vere "oppblåst" på grunn av utbygginga i Sunndal. Dette kan ein også sjå av nedre del på tabell 2 der all vekst frå 2000 til 2003 er avgrensa til Sunndal kommune, dei andre kommunane har hatt ein nedgang på desse tre åra på frå 1% (Rindal) til ca. 5% (dei andre). Veksten i Sunndal på ca. 200 arbeidsplassar er i hovudsak innan private tenesteytande næringer. Det er svært sannsynleg at Sunndal kjem i same situasjon som dei andre kommunane når utbygginga er ferdig.

Tabell 2. Sysselsetting etter arbeidskommune. Kjelde SSB.

Arbeidskommune	2000	2003	Endring	Endring%
00-99 I alt, alle næringer og kommunar	9307	9281	-26	-0,3 %
01-05 Jordbruk, skogbruk og fiske	1117	1043	-74	-6,6 %
10-45 Sekundærnæringer	3103	2966	-137	-4,4 %
50-74 Tjenesteytende næringer	1978	2199	221	11,2 %
75 Off.adm. og forsvar, sosialforsikr.	627	601	-26	-4,1 %
80 Undervisning	672	657	-15	-2,2 %
85 Helse- og sosialtjenester	1532	1537	5	0,3 %
90-99 Andre sosiale og personlige tjenester	215	215	0	0,0 %
00 Uoppgitt	63	63	0	0,0 %
<b>Kommune</b>	<b>2000</b>	<b>2003</b>	<b>Endring</b>	<b>Endring%</b>
1560 Tingvoll	1105	1049	-56	-5,1 %
1563 Sunndal	3681	3877	196	5,3 %
1566 Surnadal	2804	2693	-111	-4,0 %
1567 Rindal	948	937	-11	-1,2 %
1571 Halså	769	725	-44	-5,7 %

I industriområde med ein sterk lønsmottakarkultur vert det oftast sett som den mest farbare strategien på kort sikt å skaffe erstatningsindustri. Vilkåra for dette er gjennomgåande svært dårlege i Noreg i dag i den harde internasjonale konkurransen. Ein slik strategi vil heller ikkje løyse dei grunnleggande utfordringane området har med flukta av unge kvinner. Fokus må rettast mot dei tenesteytande næringane, og heller ikkje her er det ei oppløftande utvikling i området. Bortsett frå Sunndal er det stagnasjon i både offentleg og privat tenesteytande sysselsetting i området. Ein kan elles merke seg at målt i tal sysselsette så har helse- og sosialtenester (vesentleg endreomsorg) i dag større i sysselsetting enn primærnæringsane med unntak av i Rindal og Halså.

Vil ei regionutviding kunne gjere det lettare å bygge opp servicenæringsane i området? Det sannsynlege svaret er ja, men berre om det vert satsa aktivt for å få det til. Ei slik kommunikasjonsendring vil gjere rammevilkåra betre, men vil ikkje i seg sjølv føre til vekst. La meg peike på nokre forhold her:

1. Ei regionforstørring vil auke omlanda til dei to sentra frå ca. 10.000 kvar for seg til ca. 20.000 samla. Skal ein få nettovækst i arbeidsplassar må sentera trekke til seg aktivitetar som ikkje er i noko av dei frå før, eller som kan ekspandere med grunnlag i at det vert kundeunderlag for nye typar aktivitetar – aktivitetar som ein normalt finn i ”byar” som privat sjeldenservice retta mot organisasjonar, føretak og private (advokatar, arkitektar ...). Den vesentlege utfordringa her er at området berre vil ha ca. 20.000 innbyggjarar sjølv etter regionsamansmeltinga. Mykje tyder på at eit slikt område bør ha 50 – 70.000 innbyggjarar for at det ”automatisk” skal verte interessant for slike aktivitetar. Men slike tersklar kan senkast i betydeleg grad gjennom tilrettelegging, rimelege lokale, samdrift m.m. Utan samarbeid kan det utviklast ein konkurranse mellom dei to sentera som i staden for å fungere utviklande fungerer øydeleggande. Det beste vil vere om det kan utviklast ei arbeids- og oppgåvedeling, nokre enkle spelereglar for kva dei ulike sentera bør satse på ut frå sine tradisjonar, kunnskapar, næringsstruktur m.m. og som vert oppfatta som rimelege og rettferdige.
2. Regionsamansmeltinga vil føre til konkurranse innan ”hyppigfunksjonar”, ikkje så mykje nærservice som daglegvarer m.m. men varer og tenester som vil vere til stades i regionar med både 10.000 og 20.000 innbyggjarar som kjøpesenter m.m. Fjerning av ”grensevernet” vil kunne føre til at eitt av sentera over tid framstår som ”vinnar” og det andre som ”tapar” i denne konkurransen, noko som lett kan føre til rop om

ressursøydande ”motpolitikk” frå det tapande lokalsamfunnet. Dette er lett forståeleg, men sett frå regionen totalt sett så er det ”nettoeffekten” som er viktig, ikkje om omsetning og arbeidsplassar vert flytta innan regionen. Fokus må rettast mot ”utekonkurransen” – å trekke til seg aktivitetar og bygge opp aktivitetar ein ikkje har frå før, samstundes som ein må forsøke å stimulere og vidareutvikle eksisterande. Dette kan vere vanskeleg å få til gjennom frivillige samarbeid.

3. Sjølv om det kan vere vanskeleg å få ”erstatningsindustri” så har området særskilt kompetanse innan akvaforskning og metallforskning som på ein systematisk måte bør nyttast som grunnlag for næringsverksemd – ikkje nødvendigvis til materiell produksjon, men til kommersiell kunnskapsproduksjon. Internasjonalt ser ein i aukande grad at samfunn som vert sett på som attraktive som bumiljø og kunnskapsmiljø trekkjer til seg folk som ”kan ta med seg jobben” eller ”der jobben følgjer etter kompetanse”. Spesielt synest den høge aktiviteten innan friluftsliv å kunne gi høg attraktivitet – men truleg mest for menn med dei dominerande aktivitetane i dag.

### **Sivilt samfunn**

Er området attraktivt å leve i? Flyttetala kan tyde på at det er lite attraktivt for unge kvinner, men rimeleg attraktivt for unge menn – spesielt dei opptekne av friluftsliv. Ser ein på sosiale indikatorar, til dømes i det såkalla ”hjulet” til SSB. Indikatoren 1 er ”best”, 10 er ”verst”. Med unntak av Surnadal og Halså som er ”gjennomsnittlege” har området ei positiv vurdering med omsyn til sosiale indikatorar i år 2002. Til samanlikning har Molde ein indeks på 4,3 og Kristiansund på 9,1.

Tabell 3. Indeks for levekårsproblem og delindeksar for enkeltindikatorar, 2002. Kjelde <http://www.ssb.no/hjulet/tabell-04.html>

<b>Kommune</b>	<b>Indeks</b>	<b>Sosial hjelp</b>	<b>Døde lighet</b>	<b>Uføre trygd</b>	<b>Attførings penger</b>	<b>Vold</b>	<b>Arbeids ledige</b>	<b>Overgangs- stønad</b>	<b>Lav utdanning</b>
1560 Tingvoll	2,6	1	5	7	1	2	1	1	5
1563 Sunndal	3,9	8	6	4	2	5	1	1	2
1566 Surnadal	5,7	6	8	4	3	2	10	7	3
1567 Rindal	2,6	1	3	2	1	1	3	7	5
1571 Halså	5,0	2	10	6	3	1	5	8	3

Trass slike positive sosiale indikatorar taper området kampen om dei unge og truleg i større grad enn sosialt miljø, arbeidstilbod m.m. skulle tilseie. Mykje av årsakene kan vere haldningar og myter om samfunn og framtidsmoglegheiter som spesielt dannar seg i unge år. Fosso (2004) har mellom anna med utgangspunkt i Årdal og andre samfunn som liknar området vist at ungdom alt ved val av retning i vidaregåande skule har danna grupper som pregar vidare arbeidsliv og mobilitet. Dei som har valt allmennfag eller liknande utdanningar har i realiteten alt valt å flytte frå staden, i motsetning til dei som har valt yrkesfag og dei sosiale prosessane knytt til klikkdanning m.m. forsterkar slike prosessar. Mange ungdomsgranskningar frå tilsvarende område viser at spesielt dei utflyttingsorienterte unge oppfattar heimstaden som kjedeleg, utan framtidige jobbmoglegheiter m.m. jamfør tabell 4 nedanfor.

Tabell 4. Dominerande forestillingar om bygda og byen. Kjelde: Berg og Lysgård (2004)

Bygda	Byen
<b>Den tradisjonelle bygde</b>	<b>Den moderne byen</b>
Smalt vare- og tenestetilbod	Breitt vare- og tenestetilbod
Kjedeleg	Spanande
Likskap	Mangfald
Sosial kontroll	Stor takhøgde
<b>Den idylliske bygda</b>	<b>Den fæle byen</b>
Ro	Bråk
Reint	Skittent
Trygt	Farleg
Sosial omsorg	Sosial isolasjon
Pent, grønt	Stygt, grått
Sunt liv	Usunt liv

Mykje tyder på at dei dominerande førestillingane til ungdom i området er lik dei om den tradisjonelle bygde og den moderne byen. Dei same førestillingane kan også omfatte arbeidsmarknaden (berre produksjon i bygda, ikkje interessante servicearbeidsplassar m.m.). Slike førestillingar kan vere sanne eller usanne, uansett vil dei prege haldingar og avgjerder til folk og er noko av det aller viktigaste å ”kjempe mot”, ved faktisk å konkurrere med byen innan vare- og tenestetilbod, ved å vere spanande men kanskje på andre måtar enn byen, ved å ha stor takhøgde og likevel tilstrekeleg sosial kontroll.

Skal den moderne bygda konkurrere med byen må bygda så langt som mogleg sjølv ha kvalitetane som mytane seier at den moderne byen har. Samstundes må bygda greie å halde på og utvikle kvalitetar som er innebygd i mytane om den idylliske bygda. Inder Nordmøre kan greie dette ved å ha moderne og pulserande tilbod i regionsentera i kombinasjon med idyll i omliggande område. Men ikkje berre må dette faktisk gjerast og visat i praksis, mytane må også endrast ved at spesielt ungdom får oppleve og lære nye haldningar gjennom gode tilbod, gjennom informasjon om arbeidsliv og samfunn. Dette krev systematisk positivt haldingsskapande arbeid i skulen, i organisasjonar og generelt i samfunnet fordi dei negative haldingane til andre unge, foreldre, pårørande og andre vaksne forplantar seg til dei yngste. Det er også problematisk at framskrivingar viser ei kontinuerleg aldning i befolkninga. Dei siste framskrivingane til SSB kan tyde på litt folketalsvekst i området, men dette skuldast i hovudsak at levealderen er auka vesentleg i framskrivingane. I realiteten kan området få ein reduksjon i tal personar mellom 20 og 40 år på meir enn ¼ dei komande 15 åra, spesielt om ein ikkje greier å få erstatningsverksemd til utbyggingssverksemda i Sunndal.

### **Offentleg verksemd**

Ikkje berre er små og avsidesliggende bu- og arbeidsmarknadsområde taparar innan privat tenesteyting, i aukande grad ser ein dette også innan offentleg, spesielt statleg, verksemd. Dels skuldast dette ulike former for privatisering til dømes ved at televerk, postverk m.m. vert omdanna til privatrettslege selskap, dels ulike former for regionalisering der større stader som Molde og Kristiansund i utgangspunktet stiller sterkare enn mindre senter.

Dei same tendensane kan i framtida også kunne gjelde det som er kommunal og fylkeskommunal verksemd, men som kan verte omorganisert av staten på ulike måtar til dømes ved avskaffing av fylkeskommunen, samanslåing av kommunar m.m. Sveikka kommunal økonomi og omlegging av det kommunaløkonomiske system vil truleg ramme kommunar som Rindal, Halså og Tingvoll spesielt hardt.

I slike prosessar er det lett å spele ut mindre stadar mot kvarandre, spesielt vil dette gjelde Sunndalsøra og Surnadal sentrum både utan og med Todalsfjordsambandet.

### *Offentleg verksemd som næring og velferd*

Tabell 1 framanfor viser at i år 2000 var 2982 personar buande i området knytt til offentleg verksemd, i 2003 3009 personar, dvs. ein liten auke. Samstundes er det mange med deltidsstillingar innan dette feltet slik at det er vanskeleg å vurdere dei reelle endringane. Uansett utgjer dette i storleiksorden 30% av dei sysselsette i området og verksemda er derfor svært viktig for samfunnet både som arbeidsplass – spesielt sidan mange kvinner er sysselsette her, men óg for velferdsproduksjon. Hovudtyngda av arbeidsplassar er innan undervisning og helse- og sosialtenester med snart 2400 sysselsette!

Dette er eit felt der kommunane sjølv i prinsippet skulle ha god kontroll, men der det statleg styrte kommunaløkonomiske systemet og korleis dette vert endra i høgste grad har innverknad på kva som er mogleg å oppnå. Uansett er paradokset at ei aldring av befolkninga vil kunne føre til fleire arbeidsplassar innan helse- og sosialomsorg og færre innan undervisning.

Kompetansemessig og på andre måtar er statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar innan administrasjon og undervisning spesielt viktige for eit område som indre Nordmøre sidan slike "ikkje veks på tre" som i større byar. Om spesielt Sunndal og Surnadal kjempar mot kvarandre om å få eller halde på slike aktivitetar vil området lett kunne tape mot Molde eller Kristiansund og med negativ totalverknad. Sjølv om det kan vere vanskeleg, har området mest å vinne på eit aktivt samarbeid om utvikling av og arbeidsdeling innan offentleg verksemd. Ei spesiell utfordring vil vere vidaregåande skule etter ei regionsamansmelting. Dei to skulane har i dag i stor grad dei same kursa med litt spesialisering (elektro. og kjemifag i Sunndal, trearbeidsfag i Surnadal) og vil verte direkte konkurrentar om elevar, noko dei truleg er alt i dag. Spesielt vidaregåande og yrkesretta utdanning er svært viktig for området av to grunnar, for det første ved at slik utdanning må målrettast inn mot framtidsnæringane i området og for det andre ved at dei som tek yrkesutdanning i mindre grad enn dei som tek allmennfag flyttar ut av området. Ut frå den spesielle kompetanse i området er det spesielt innan friluftsliv, reiseliv, oppleving og kulturverksemd det bør vere grunnlag for satsing, spesielt gjennom aktivt samarbeid med organisasjonar i det sivile samfunnet.

Ei anna utfordring er knytt til kompetanse innan kommunal verksemd. I aukande grad ser ein at mindre og mellomstore kommunar har problem med å rekruttere spesialistar av ulike typar, ofte fordi dei faglege miljøa er små eller fråverande, det er lite høve til spesialisering m.m. Dette er eit felt der heile området bør samarbeide aktivt innan rekruttering og arbeidsdeling knytt til "skjeldenproduksjon" av ulike typar. Spesielt vil dette vere viktig etter at Todalsfjordsamband er på plass.

Området har mange utfordringar i samband med ei eventuell endring av kommunestrukturen og kommunikasjonar. Slike endringar kan til dømes føre til skiping av ei eiga regionkommune sjølv om denne vil ha to markerte og konkurrerande senter. Utan utvikling av samarbeid og gjensidig tillit kan ein lett få lokaliseringsstridar m.m., medan dei ytre konkurransevilkåra krev at området har eit aktivt og utviklingsretta samarbeid mellom alle aktørar. Vi har ikkje hatt høve til å sjå nærare på dette, men svært mange av dei same tilhøva vil gjere seg gjeldande som på Søre Sunnmøre etter at Eiksund-sambandet vert opna. Denne vil utløyse direkte konkurranse spesielt mellom Ulsteinvik og Ørsta/Volda. I ei strategisk analyse av moglege kommunestrukturar i dette området fann vi (Amdam mfl. 2004) at det mest tilrådelege alternativet var etablering av ei regionkommune med maksimal delegering til lokalkommunar med ansvar for basisproduksjon, ei arbeidsdeling knytt til oppgåver som på tabell 5 nedanfor. Reint økonomisk vil lokalkommunen ha ansvar for verksemd som krev ca. 80% av dagens kommunebudsjett, regionkommunen 20 %.

**Tabell 5. Fordeling av ansvar mellom lokalt og regionalt nivå, Kjelde: Amdam mfl. 2004.**

Regionalt ansvar (Regionkommunen)	Lokalt ansvar (Lokalkommunane)
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Heilskapleg politikk for samfunns- og organisasjonsutvikling</li> <li>• Administrative funksjonar</li> <li>• Systemansvar og drift av sams funksjonar som IKT, rekneskap, lønssystem, innkjøp m.m.</li> <li>• Kompetanseheving, leiarutvikling, opplæring, evaluering m.m. for både eigen organisasjon og for lokalkommunane</li> <li>• Helseteneste, spesielt legevaktordningar m.m.</li> <li>• Samfunns- og arealplanlegging etter plan- og bygningslova – samferdselspolitikk, miljøvern, kyst og havbruk m.m.</li> <li>• Næringsretta arbeid, utviklingspartnarskap med små og store føretak, rådgiving m.m.</li> <li>• Kulturretta verksemd og institusjonar</li> <li>• Teknisk verksemd, VVS, bustader, brann- og ulukke m.m.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lokal politikk</li> <li>• Lokaladministrasjon – samordning av lokal verksemd</li> <li>• Barnehage</li> <li>• Grunnskule - skulefritidsordning</li> <li>• Heimebasert omsorg – heimehjelp</li> <li>• Bustader og institusjonar innan vanleg eldreomsorg</li> <li>• Lokalt samfunnsutviklingsarbeid og kulturarbeid i kombinasjon med ”førstelinje” i sosialt arbeid/barnevern m.m. og samarbeid med lokale organisasjonar</li> </ul>

Fordelen med denne modellen samanlikna til dømes med tettare interkommunalt samarbeid, var at basis- eller lokalkommunane fortsatt hadde ansvaret for den nære og daglege velferdsproduksjonen, medan regionkommunen fekk ansvar for verksemd og system der det var stordriftsfordelar og spesielle kompetansekrav. Den største fordelene var at området fekk eit samla avgjerdsorgan som kunne fungere dynamisk og utviklande for heile samfunnet, i staden for å måtte bygge på semje i alle saker som i eit regionråd. Men det vil truleg krevje mykje tillit og/eller sterke indre og ytre truslar for at dagens kommunar skal avgi slik makt til eit sams organ.

Mi vurdering er at ein slik modell bør kunne fungere også på indre Nordmøre, spesielt sidan dagens to regionar er om lag like store i folketal og har om lag dei same utfordringane.

#### *Kommunane som utviklingsaktør*

Dei seinare åra har det i mange kommunar vore ein klar tendens til at den kommunale rolla som tenesteproducent har vorte reindyrka fram føre rolla som samfunnsutviklar. Grunnane er sjølvstekt ressursklemma som dei fleste kommunane er i og det sterke fokuset frå staten på kommunane som ”velferdsstatens hovudprodusentar”. Det at kommunane også er mindre enn bu- og arbeidsmarknaden dei tilhøyrer, gjer det også lett å vere ”gratispassasjer” på større kommunar. I eit område som indre Nordmøre ser ein klart at utfordringane frametter må taklast regionalt. Mange nasjonale endringstrekk tyder på at novarande fylkeskommune og som har spela ei aktiv rolle i området, vil forsvinne eller verte integrert i ei større ”landsdelsprega” eining – for dette området i tilfelle truleg som ein del av midt-Norge. Ved ei slik utvikling vil kollektivt entreprenørskap og lokalt/regionalt utviklingsarbeid nedanfrå verte endå viktigare enn i dag. Sjølv om dei to bu- og arbeidsmarknadsområda i dag er lite integrerte, gjer sannsynlege framtidige endringar innan kommunikasjon- og strukturendring at heile området bør drive eit strategisk samfunnsutviklingsarbeid med hovudfokus på sams utfordringar. Dette er også eit spørsmål om maktbygging der fortsatt fragmentering vil gjere at området vil fortsette å tape i konkurransen med større stader. Etablering av ei sams regionkommune med samfunnsutvikling som hovudformål kan vere eit effektivt verkemiddel i denne samanhengen.



## **Samarbeidet mellom aktørar – kapabilitet**

Evna til å utvikle eit område heng dels saman med næringsstruktur, tradisjonar og haldingar m.m. (sjå framanfor), men også av kor godt ulike aktørar samarbeidar. Dette er eit felt der vi har hatt vanskar med å få fram gode opplysningar i dette oversiktsprosjektet, men bildet vi har er at kommunane samarbeidar rimeleg godt med kvar andre i regionane og på Nordmørnivå, men for det meste avgrensa til det alle kan vere samde om. Truleg er det også godt samarbeid mellom frivillige organisasjonar og til ein viss grad mellom slike og kommunane – i det minste på ”støttenivå”. I samfunn som Sunndal med ei dominerande bedrift, brukar det også å vere rimeleg samarbeid mellom denne og vertskommunen på ulike nivå, men vanskelegare med utviklingsretta samarbeid mellom denne bedrifta og andre føretak og organisasjonar på grunn av skalaulikskapar. Som i dei fleste andre områda i Noreg kan det utvilsamt gjerast meir, spesielt i ulike former for partnerskap som spenner over geografiske område og over dei ulike aktørgruppene på figur 1. Samstundes er nokre av dei viktigaste utfordringane dels knytt til konkrete prosjekt med relativt klare aktørar, dels til langsiktig og handlingsendrande arbeid med uklart ansvar fordi det i stor grad krev endringar i grunnleggande haldningar. Utvikling av samarbeid er å utvikle og auke den sosiale kapitalen til området. Dette krev utvikling av kunnskap om kvarandre, utvikling av relasjonar og nettverk og å bruke kunnskapen og relasjonane til sams mobilisering – sams aktivitetar og prosjekt ut frå felles interesser. Dette krev arbeid på tre nivå;

- utvikling av sams visjonar og strategiar – sams vilje
- organisering av strategiar – frå mål til handling
- gjennomføring av tiltak og handlingar

## **Samarbeid med Trondheim**

Framanfor har vi peika på at Indre Nordmøre bør knytte seg til Trondheimsområdet utviklingsmessig – berre dette byområdet har ei slik vekstkraft at det kan vere med på å ”drage med seg omlandet”, i det minste langt større enn andre nærliggande byområde. Trondheim med ei befolkning på over 150.000 i kommunen og ca. 200.000 i bu- og arbeidsmarknadsregionen har det største teknologiske forskingsmiljøet i Noreg i NTNU og SINTEF. Over 84% av sysselsettinga i Trondheim er innan servicenæringane og over 13.000 pendlar inn til byen. Byen og regionen har hatt sterk vekst i befolkning og sysselsetting dei siste åra. Regionen er karakterisert som ein av dei mest vekstkraftige i Noreg av Tor Selstad i den nye rapporten til KRD om regional utvikling, medan Sunndal og Surnadal er mellom dei minst vekstkraftige.


Tabell 6. Indikatorar for vekstkraft. Kjelde: KRD 2004: Regionenes tilstand. <http://odin.dep.no/krd/norsk/distrikts/fou/016061-220016/dok-bn.html>).

Region	Robust poeng	Livskraft poeng	Konkurranskraft poeng
Trondheim	59,2	67,3	52,5
Molde	48,2	41,5	51,9
Kristiansund	40,8	35,6	41,1
Sunndal	22,6	26,8	40,2
Surnadal	26,5	17,9	30,1

Trondheimsområdet skorar klart betre enn Molde og Kristiansund på dei fleste av desse tre indikatorane, og langt betre enn Sunndal og Surnadal som er mellom dei svakaste regionane i Noreg. I tillegg må ein take omsyn til at Trondheimsregionen er snart tre gongar så stor som Molde- og Kristiansundregionane til saman.

Spesielt viktig er det at Trondheimsområdet har eit høgt kunnskapsnivå innan forskning om industriell produksjon og som indre Nordmøre er avhengig av og samstundes representerer ein stor marknad innan reiseliv og rekreasjon. I Trondheim har over 30% utdanning på høgskule- og universitetsnivå, samanlikna med ca 14% i Surnadal og 16,5% i Sunndal.

Figur 5. Konkurransedyktige regionar.



Ei utfordring er sjølvsagt korleis ein kan samarbeide med eit så stort miljø som Trondheimsregionen. Generelt samarbeid, det å vere med på arenaer der Midt-Noreg samarbeider, er ein viktig strategi. Minst like viktig er strategiske samarbeid der ein systematisk opprettar kontakt med partnerar innan strategiske utviklingsområde der det er klar gjensidig nytte.

## DEL II

### Regionane Surnadal og Sunndal

Den følgjande analysen vil ein presentere ulike sider ved utviklinga i Surnadal- og Sunndal-regionen. Analysen tek sikte på å få fram forhold som bind kommunane i dei to regionane saman, og forhold som trekkjer i andre retningar. I tillegg blir ein del allmenne utviklingstrekk ved dei to regionane analyserte. Tema som busetnads- og befolkningsutvikling, senterstruktur, pendling, identitet og vurderingar rundt samarbeid mellom kommunane er tema. Avslutningsvis er det ein utarbeidd eigne faktablad med detaljert opplysningar om kvar av kommunane i dei to regionane.

Regionane Surnadal og Sunndal ligg på Indre Nordmøre. I følgje inndelinga økonomiske regionar utarbeidd av Statistisk sentralbyrå, omfattar Surnadal-regionen kommunane Halså, Surnadal og Rindal. Sunndal-regionen omfattar i følgje same standard kommunane Sunndal og Tingvoll. Dette er befolkningsmessig to jamstore regionar med om lag vel 10.000 innbyggjarar kvar.


I den følgjande analysen er derimot Nesset også rekna med som ein del av Sunndal-regionen. Nesset er av Statistisk sentralbyrå rekna som del av Molde-regionen. Kommunen er ein romsdalskommune. Det er likevel nær kontakt mellom kommunane Sunndal og Nesset, noko som gjer det naturleg å ha Nesset med i ein analyse av utviklingstrekk i Sunndal-regionen. Det er likevel verdt å merke seg at Nesset kommune ikkje er omfatta i enkelte delar av analysen. Dette er tilfelle der analysane byggjer på data som er utarbeidde i andre samanhengar (sekundærkjelder), basert på ei regioninndeling som tilsvarar den Statistisk sentralbyrå nyttar. Ut over dette er altså Nesset rekna som ein del av Sunndal-regionen.

## Lange trekk i befolkningsutviklinga

Ved utgangen av 1970 budde det til saman 26.010 i dei to regionane Sunndal (inkludert Nettet) og Surnadal. Folketalet ved utgangen av 2003 var 23.771. Dette er ein reduksjon av befolkninga på vel 2.200 personar i løpet av ein periode på 33 år. I same periode hadde Møre og Romsdal ein klar vekst i befolkninga. Utviklinga har følgd ulike mønster i dei to regionane.

### Sunndal-regionen

Utviklinga i Sunndal-regionen er sterkt prega av utviklinga på Sunndalsøra. I perioden før 1970 var aluminiumsverket og befolkninga i regionen i sterk vekst. Produksjonen på verket starta i 1954. I 1955 var det 645 tilsette ved verket, i 1960 var talet steget til 1.061 og i 1970 var det 1.301 tilsette (Wennevold 1974). Både aktiviteten på verket og tilknytt aktivitet gav vekst for regionen.



Figur 1. Flytteoverskot, naturleg tilvekst og folketalutvikling i Sunndal-regionen 1971–2003. Femårsperiodar. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Befolkningsutviklinga etter 1970 er på mange måtar eit spegelbilde av utviklinga som ligg før. Sunndal-regionen hadde ei ung befolkning i 1970. Befolkningsutviklinga i åra som følgde vart sterkt prega av dette. Barna av vekstperioden etter etableringa av verket vart vaksne. Sunndal-regionen greidde ikkje å fange opp dei store ungdomskulla, når dei etterkvart gjekk over i etableringsfasen. Dette gav ein lang periode med store flytteunderskot og reduksjon av befolkninga i regionen. Etter dette har flytteunderskotet vore mindre, men har likevel variert ein god del frå den eine femårsperiode til den andre. Samla sett har nedgangen i folketalet vore mindre i perioden etter 1985 enn dei femten åra som låg før denne perioden.

Regionen har fått redusert fødselsoverskotet gjennom heile perioden. Dette er ei utvikling som ikkje er unik for denne regionen, men noko som pregar store delar av distrikts-Noreg. Følgjene av dette er at befolkningsutviklinga er enno meir sårbar for flyttetap enn tidlegare. Ein har færre ungdommar ”å ta av” i utgangspunktet. Men ettersom flyttetapa har vore relativt små dei siste åra, har befolkningsnedgangen vore moderat samanlikna med føregåande tiår.

## **Flyttetap gjennom etableringsfasen**

Flyttetapa blir i stor grad skapte gjennom etableringsprosessen, det vil seie i perioden frå ungdom til etablert vaksen. Ein kan såleis fange opp mykje av effektane flytting har i ein region som Sunndal-regionen ved å følgje dei ulike fødselskulla frå dei er femten til dei er 35. Utfallet av flyttingane til femtenåringane frå i kommunane i regionen er at dei kan vere at dei blir **bufaste** (bur i same kommune som 35-åringar), tilbakeflyttarar (flytta tilbake til kommunen der dei vaks opp) eller **utflyttarar** (busette i ein annan kommune enn der dei vaks opp). I tillegg har kommunen **tilflyttarar** frå same alderskull som i større eller mindre grad kan erstatte utflyttarane. Båtevik (2003) har sett korleis resultatet var for flyttingar blant dei som var fødte i perioden 1960–64 i Sunndal-regionen.<sup>1</sup> For Sunndal-regionen snakkar vi her om fleire av dei store barnekulla frå industrivekstperioden. Korleis påverka flyttingane storleiken på kulla som etablerte seg i regionen:

- Per 100 gutar som budde i regionen som 15-åringar, budde det 77 trettifemårige menn i regionen tjue år seinare. Dette betyr at ein per 100 gutar i dei aktuelle kulla, har tapt 23 (sjølv når tilflyttarane er rekna med). Berre Volda/Ørsta har hatt større flyttetap blant gutane fødte i første halvdel av 1960-talet. I faktiske tal gav dette eit nettotap på 116 gutar i Sunndal-regionen for dei fem årskulla.
- Per 100 jenter som budde i regionen som 15-åringar, budde det 69 trettifemårige jenter i regionen tjue år seinare. Dette betyr at ein per 100 jenter i dei aktuelle kulla, har tapt 31 (sjølv når tilflyttarane er rekna med). Berre Sunndal-regionen av regionane i Møre og Romsdal miste fleire kvinner gjennom flytteprosessen. Flyttinga til kommunane i regionen er særleg prega av få nykomarar blant kvinnene.

### Flyttebalanse etter utdanningsnivå som 35-åringar

- Sunndal-regionen ”eksporterer” fleire menn enn dei importerer frå fødselskulla 1960–64 på alle utdanningsnivå.
- Flyttetapet blant mennene ligg over gjennomsnittet for fylket for dei to gruppene med dei kortaste utdanningane. Det same gjeld dei med kortare høgskule- og universitetsutdanningar. Litt under gjennomsnittet for dei med dei lengste utdanningane.
- Sunndal-regionen har også ”eksportert” fleire kvinner enn dei har ”importert” frå fødselskulla 1960–64 på alle utdanningsnivå.
- Flyttetapet ligg over gjennomsnittet for fylket både for dei som har fullført vidaregåande og dei som ikkje har gjort det, også for kvinnene. Det gjeld også dei med kortare høgskule- og universitetsutdanningar der flyttetapet ligg klart over gjennomsnittet for Møre og Romsdal. For kvinnene med dei lengste utdanningane var flyttetapet omtrent som gjennomsnittet for fylket.
- Om ein ser på flyttelekkasjar og vinstar over livsløpet for i alt 20 årskull, er flyttetapet for Sunndal-regionen meir negativt enn i nokon av dei andre regionane. Nettoflyttetapet har vore på 26 prosent for menn og 34 prosent for kvinner gjennom aldersfasen 15–30 år (Sørli 2003).

### Flyttebalanse etter næringstilknytning som 35-åringar

- For industri- og primærnæringane er det rimeleg balanse mellom ”import” og ”eksport” av mannleg arbeidskraft. Flyttetap i dei andre næringane.

---

<sup>1</sup> I analysane til Båtevik (2003) og Sørli (2003) er ikkje Nesset rekna som ein del av Sunndal-regionen. Dei tala som er baserte på desse studiane omfattar såleis ikkje Nesset.

- Flyttetapet størst innan tenesteyting, særleg næringar som offentleg forvaltning og tenesteyting og forretningsmessig tenesteyting, bank og forsikring. Av gutane som vaks opp i regionen var det 157 som seinare gjekk inn i dei tenesteytande næringane. Samla hadde regionen rekruttert 89 menn til dei same næringane som. Dette gav såleis eit nettotap på 68 personar for dei fem fødselskulla.
- Mønsteret for kvinnene er langt på veg det same som for mennene, sett bort frå at det er noko større flyttetap blant kvinner i produksjonsnæringane. I og med at det totalt sett er få kvinner i desse næringane, har dette lite å seie for totalt flyttetap blant kvinnene.
- Av jentene som vaks opp i regionen var det 291 som seinare gjekk inn i dei tenesteytande næringane. Samla hadde regionen rekruttert 177 kvinner til dei same næringane. Dette gav såleis eit nettotap på 114 kvinner for dei fem fødselskulla.


### **Alderssamansetning med varsel om ny nedgang?**

*Sunnal-regionen har saman med Surnadal-regionen ei alderssamansetning med eit typisk distriktspreg i 2002 (Sørliie 2003). Det har skjedd store endringar med alderssamansetninga i regionen frå 1970-åra, då regionen hadde ei relativt ung befolkning. Det er ikkje uvanleg med slike endringar i regionar som har hatt ei stor bedriftsetablering som på eitt tidspunkt gav mykje nyetablering og etterfølgjande store barne og ungdomskull.*

Sunnal-regionen er den regionen på Nordmøre som har dei svakaste utsiktene for komande åra. Det ligg, i følgje analysane til Sørliie, an til nedgang over heile aldersskalaen opp til 50 år, med unntak av enkelte barnesteg.

### **Surnadal-regionen**

Utviklinga i Surnadal-regionen her eit meir tradisjonelt distriktspreg enn utviklinga i Sunndal-regionen.



Figur 2. Flytteoverskot, naturleg tilvekst og folketalsutvikling i Surnadal-regionen 1971–2003. Femårsperiodar. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Regionen hadde ein klar befolkningsvekst på 1970-talet og inn på første halvdel av 1980-talet. Det skjedde ei modernisering av distrikta og ein sterk utbygging av velferdsstaten i

mange mindre regionar og kommunar. Dette gav to femårsperiodar med flytteoverskot til Surnadal-regionen og ein klar vekst i folketalet. Etter dette har regionen hatt nedgang i folketalet, med ein ekstra sterk nedgang sist på 1990-talet. Det er ikkje utenkeleg at ein i Surnadal-regionen på 1990-talet opplevde litt av same effekten som Sunndal-regionen hadde sett på 1970-talet. I den perioden då barna til ”innflyttargenerasjonen” skal etablere seg, har dette gitt relativt store flyttetap.

Eit kjenneteikn med utviklinga i Surnadal-regionen, er at fødselstala tidleg vart for små til å erstatte tal døde i regionen. Dermed har befolkningsutviklinga over ein lang periode svinga i takt med utviklinga i flyttetala. Manglande naturleg tilvekst har forsterka effekten av dei flyttetapa regionen har hatt etter midten av 1980-talet, men det er flyttetapa som i størst grad har trekt i negativ lei fram til tusenårsskiftet. Dei første åra etter år 2000 er det fødselsunderskotet (negativ naturleg tilvekst) som i størst grad medvirka til nedgang i folketalet i regionen.

Ei analyse av befolkningsutviklinga i Møre og Romsdal gjev innsikt i dei prosessane som ligg bak utviklingstrekkane som pregar regionane (Båtevik 2003, Sørli 2003).

### ***Flyttetap gjennom etableringsfasen***

Flyttetapa blir i stor grad skapte gjennom etableringsprosessen, det vil seie i perioden frå ungdom til etablert vaksen. Ein kan såleis fange opp mykje av effektane flytting har i ein region som Surnadal-regionen ved å følgje dei ulike fødselskullane frå dei er femten til dei er 35. Utfallet av flyttingane til femtenåringane frå i kommunane i regionen er at dei kan vere at dei blir **bufaste** (bur i same kommune som 35-åringar), tilbakeflyttarar (flytta tilbake til kommunen der dei vaks opp) eller **utflyttarar** (busette i ein annan kommune enn der dei vaks opp). I tillegg har kommunen **tilflyttarar** frå same alderskull som i større eller mindre grad kan erstatte utflyttarane. Båtevik (2003) har sett korleis resultatet var for flyttingar blant dei som var fødte i perioden 1960–64 i Surnadal-regionen. Korleis påverka flyttingane storleiken på kullane som etablerte seg i regionen:

- Per 100 gutar som budde i regionen som 15-åringar, budde det 84 trettifemårige menn i regionen tjue år seinare. Dette vil seie at ein per 100 gutar i dei aktuelle kullane, har tapt 16 (når tilflyttarane frå same fødselskull er rekna med). Dette var som gjennomsnittet for fylket. I faktiske tal gav flytteprosessen eit nettotap i Surnadal-regionen på 70 gutar for dei fem årskullane.
- Blant menn i Surnadal-regionen var det mange bufaste, det vil seie som menn som ikkje har registrert flytting frå eigen oppvekstkommune. Det er ingen av dei andre regionane i fylket som har så god eigenrekruttering av gutar som Surnadal-regionen. Samstundes er det ingen av dei andre regionane som har så dårleg eigenrekruttering av jenter.
- Blant kvinnene var nemleg flyttetapet større enn i alle dei andre regionane. Per 100 jenter som budde i regionen som 15-åringar, budde det 67 trettifemårige kvinner tjue år seinare. Dette vil seie at ein per 100 gutar i dei aktuelle kullane, har tapt heile 33 i løpet av flytteprosessen (sjølv når tilflyttarane frå same fødselskull er rekna med). I faktiske tal gav flytteprosessen eit nettotap på 132 jenter for dei som var fødte i perioden 1960-64.

#### Flyttebalanse etter utdanningstilknytning som 35-åringar

- På lik line med fylket sett under eitt har Surnadal-regionen eksportert fleire menn enn dei har importert frå fødselskulla 1960–64 på alle utdanningsnivå.
- Flyttetapet var større enn gjennomsnittet i fylket for menn med vidaregåande eller kortare utdanningar.
- Blant dei som har teke høgare utdanning opp til og med cand.mag.-nivået var flyttetapet 34 per 100 menn frå ungdomskullet. Dette om lag som gjennomsnittet for fylket.
- Det største flyttetapet var blant dei som hadde utdanningar utover cand.mag.-nivået, også i Surnadal-regionen. Nettoeksporten av kompetanse på dette nivået var heile 79 per 100 menn frå ungdomskullet. Berre Ulsteinvik-regionen hadde større flyttetap i Møre og Romsdal.
- Surnadal-regionen har ”eksportert” fleire kvinner enn dei har ”importert” frå fødselskulla 1960–64 på alle utdanningsnivå.
- Flyttetapet ligg over gjennomsnittet for fylket for dei to gruppene med dei kortaste utdanningane.
- Blant dei som har teke høgare utdanning opp til og med cand.mag.-nivået er flyttetapet heile 59 per 100 kvinner frå ungdomskullet. Ingen av dei andre regionane i Møre og Romsdal større flyttetap blant dei med slike utdanningar.
- Flyttetap var også stort blant kvinner som hadde utdanningar utover cand.mag.-nivået. Her var det eit flyttetap på heile 74 per 100 kvinner frå ungdomskullet.
- Om ein ser på flyttelekkasjar og vinstar over livsløpet for i alt 20 årskull, er flyttetapet for menn noko større og flyttetapet for kvinner noko mindre enn for dei som var fødde tidleg på 1960-talet. Surnadal-regionen hadde gjennomsnittleg flyttetap på 22 prosent for menn og 28 prosent for kvinner gjennom aldersfasen 15–30 år (Sørli 2003). Men også i dette tilfelle er flyttingetapet prega av større forskjell mellom kvinner enn menn enn det som er vanleg i andre regionar.

#### Flyttebalanse etter næringstilknytning som 35-åringar

- For møbelindustri- og jordbruksnæringa har det vore flytteoverskot av mannleg arbeidskraft. Dei andre næringane ha flyttetap.
- Flyttetapet størst innan tenesteyting, den delen av offentleg forvaltning og tenesteyting som ikkje omfattar undervisning, helse- og sosialtenester. Av gutane som vaks opp i regionen var det 165 som seinare gjekk inn i dei tenesteytande næringane. Samla hadde regionen rekruttert 115 menn til dei same næringane. Dette gav såleis eit nettotap på 40 personar for dei fem fødselskulla.
- Mønsteret for kvinnene er langt på veg det same som for mennene. Regionen er prega av eit høgt nettoflyttetap i tenesteytande næringar for kvinnene sin del, om ein ser vekk frå næringsgruppa varehandel, hotell og restaurant.
- Av jentene som vaks opp i regionen var det 271 som seinare gjekk inn i dei tenesteytande næringane. Samla hadde regionen rekruttert 167 kvinner til dei same næringane. Dette gav såleis eit nettotap på 104 kvinner for dei fem fødselskulla.

### ***Lite grunnlag for vekst med dagens alderssamansetning***


Surnadal-regionen har ei alderssamansetning med eit typisk distriktspreg (Sørli 2003). Det som spesielt pregar regionen er mange i alderen over 80 år, noko som skuldast at regionen har hatt mange frå fødselskulla frå 1922 og tidlegare.



Ser ein på perioden fram til 2012 har Surnadal-regionen utsikt til mindre vekst og større tilbakegang enn på landsbasis klarare enn for Nordmøre sett under eitt. Unntaket kan vere enkelte barnekull. Jamført med Sunndal-regionen er likevel Surnadal-regionen noko betre stilt.

## Hovudtrekk i busetnadsutviklinga

Den geografiske fordelinga av befolkninga er under stadig endring. Dette gjeld også internt i kommunane. Ofte ser ein lokale konsentrasjonsprosessar som går parallelt med regionale og nasjonale konsentrasjonsprosessar. Vidare ser ein bygdelag som mobiliserer og får nyetableringar, medan andre er prega av forgubbing. Kartet viser eit grovt riss av busetnadsutviklinga i Sunndal- og Surnadal-regionen. Endringane er registrert etter delområde.<sup>2</sup>



Prosentvis endring av folketalet 1990-2003	
0 til 4,99 %	Black
-4,99 til 0 %	Dark Blue
-9,99 til -5 %	Light Blue
Mindre -10 %	Yellow

Figur 3. Prosentvis endring i folketalet i Sunndal- og Surnadal-regionen fordelt på delområde. 1990–2003. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Kartet viser at folkeveksten skjer i dei to regionsentra. Hovudtrekka i utviklinga er som følgjer:

<sup>2</sup> Rindal er ikkje delt i delområde. VI har difor skilt ut dei meste sentrale grunnkrinsane i Rindal, det vil seie krinsane som omfattar kommunesenteret og nærområdet rundt dette. "Sentrumskrinsane" omfattar grunnkrinsane 103-107.

- Delområdet Sunndalsøra hadde ein vekst i folketalet på 3,7 prosent i perioden, medan veksten i delområdet Ranese (som omfattar mellom anna tettstaden Surnadal sentrum) var på 2,1 prosent. I begge desse tilfella er det såleis snakk om ein moderat vekst jamført med det som var vanleg i slike senter for ein del tiår sidan.
- Alle andre delområde hadde nedgang i folketalet, også delområda rundt dei andre kommunesentra.
- Om ein leitar etter andre mønster i utviklinga, kan ein finne eit relativt samanhengande område frå Øye i Surnadal kommune via Sunndalsøra og vidare til og med delområdet Nesset som har hatt ei betre folketalsutvikling enn andre område. Men for fleire av dei aktuelle delområda vil dette seie mindre nedgang enn andre delområde i området, ikkje vekst
- Det er oftast utkantområda i dei ulike kommunane som har størst nedgang. Størst nedgang har det vore i delområdet Valsøyfjord, der befolkninga har vorte redusert med ein fjerdedel i løpet av perioden. Grunnen til slike store endringar over ein så kort periode, er i første rekke i at området hadde mange gamle i 1990. I dette delområdet var heile 24 prosent av dei som budde der i 1990 i pensjonsalder. Utan sterk vekst i lågare aldersgrupper, gjev dette kraftig nedgang i folketalet.
- Av meir sentrale område med sterk nedgang, merkar ein seg Tingvoll. Her vart befolkninga redusert med vel 10 prosent i den aktuelle perioden. Dette delområdet dekkjer relativt mange krinsar, mellom anna kommunesenteret i kommunen.

Om vi ser på utviklinga heilt ned på grunnkrinsnivå, er det likevel slik at alle kommunane har grunnkrinsar med vekst i folketalet.

- Også på grunnkrinsnivå er det først og fremst sentrumskrinsar eller sentrumsnære krinsar som har vekst i folketalet.
- Nesset har vekst i folketalet i sju av 19 grunnkrinsar. Seks av desse tilhøyrer delområdet Nesset. Den sjuande er grunnkrisen Eikesdal som har hatt ein vekst på fem prosent i perioden.
- Tingvoll har berre vekst i to av 17 krinsar. Det gjeld Aspa og Aspøy, to små krinsar lengst vest i kommunen. Desse er strategisk plassert i forhold til Krifast-sambandet, med kort veg til Frei og Kristiansund.
- Sunndal har vekst i sju av 25 krinsar, tre av desse tilhøyrer delområdet Sunndalsøra. Dei andre krinsane med vekst er også sentrumsnære.
- Surnadal har vekst i ti av i alt 32 grunnkrinsar. Fem av desse ligg i delområdet Ranese, som omfattar regionsenteret Surnadal sentrum. Dei tre vekstkrinsane lengst frå sentrum var Bø, Stangvik og Nedre Todalen.
- Rindal har vekst i to av 11 krinsar, begge i området nær kommunesenteret (Bolme og Løset).
- Halså har vekst i to av 12 krinsar, begge i delområdet Halså (Halsanausten og Liabø).

## Senterstruktur, sørvisnæringar og tettstadsutvikling

Tre av fire nordmenn budde i tettstader ved inngangen til det nye tusenåret.<sup>3</sup> I Surnadal- og Sunndal-regionen var det 40 prosent av befolkninga som budde i tettstader i 2003, mot 30 prosent i 1970. På mange måtar har desse to regionane stått utanfor den sterke veksten i talet tettstader som ein har hatt mange andre stader. Det er til dømes klare skilnader i utviklinga mellom kyst og indre strok om vi ser på dei nordlege delane av Møre og Romsdal. Mykje av vekstområde ligg i ytre delar, primært langs aksen Molde – Kristiansund. Her har det vakse opp ei rekke små tettstader særleg i Frei, i Averøy, i Fræna og utanfor bykjernen i Molde kommune. Berre i desse fire kommunane er det kome til 16 små og litt større tettstader med til saman 10.400 innbyggjarar. Dette tilsvarar heile tettstadbefolkninga i Surnadal- og Sunndal-regionen. I indre delar nordfylket har det i realiteten skjedd små endringar i tettstadeutviklinga etter 1970.

Dei fleste tettstadane i Surnadal- og Sunndal-regionen har ei lang historie. Sunndalsøra var registrert som tettstad alt ved folketeljinga i 1875, Surnadalsøra i 1900, Tingvollsvågen var tettstad i 1920, Rindal i 1930, Eidsvåg i 1946 og Surnadal sentrum i 1950. I tillegg var Engan i Halså kommune tettstad frå 1920. Denne siste tettstaden oppfyller ikkje kravet som Statistisk sentralbyrå set og har såleis gått ut av tettstadsstatistikken.<sup>4</sup>


Berre fire tettstader har kome til i dei to regionane etter 1970. Dette gjeld Rausand i Nesset og Grøa, Hoelsand og Ålvund i Sunndal. Grøa og Hoelsand er i realiteten forstader til Sunndalsøra som har vakse fram, samstundes som folketalet i tettstaden Sunndalsøra har vorte redusert. Tomtemangel på Sunndalsøra og spørsmålet om utbygging av nye områder seom Grøa var eit politisk stridstema i Sunndal kommune på 1970-talet (Innvik og Ulvund 1990).

Tabell1 . Tettstader og tettstadsbefolkning i Sunndal- og Surnadal-regionen over tid. Kjelde: Myklebost 1960, Myklebost 1979 og Statistisk sentralbyrå.


Tettstader			Folketal		
1930	1970	2003	1930	1970	2003
	Nesset	Nesset		498	884
		Rausand			282
Tingvollsvågen	Tingvollsvågen	Tingvollsvågen	314	946	998
		Grøa			481
		Hoelsand			375
Sunndalsøra	Sunndalsøra	Sunndalsøra	240	5117	4195
		Ålvund			202
Surnadal	Surnadal	Surnadal	240		
sentrum/Surnadal	sentrum/Surnadalsø	sentrum/Surnadal			
søra	ra	søra		1051	2231
Rindal	Rindal	Rindal	242	535	656
Engan	Engan		300	265	
			1.336	8.412	10.304

<sup>3</sup> <http://www.ssb.no/emner/02/01/10/bef tett/arkiv/>.

<sup>4</sup> Surnadalsøra og Skei har seinare vore rekna som ein tettstad (jf. <http://www.ssb.no/emner/02/01/10/bef tett/arkiv/>).




Figur 4. Tettstader i nordlege delar av Møre og Romsdal fylke 1970. Kjelde: Myklebost 1979.



Figur 5. Tettstader i nordlege delar av Møre og Romsdal fylke 2003. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Senterutviklinga og tettstadsveksten er ofte nært knytt til sørvisnæringane. For ein del av tettstadane starta opp som bygdesenter som kommunikasjonscenter, handel, handverkarar og administrative funksjoner. Den tidlege utviklinga for mange tettstader var også nært kopla opp til industrialiseringa av bygdene. Engan vaks til dømes opp rundt Enge Bruk medan Tingvollsvågen vaks opp rundt Tingvold Uldvarefabrik som var etablert i 1898 (Myklebost 1960). Sunndalsøra var opphavleg eit bygdesenter, men blei seinare i sterk grad var dominert av industri etter at aluminiumsverket var etablert i 1950-åra.

Seinare er det i første rekke sørvisnæringane som har vore drivkrafta i senterutviklinga dei fleste stader i landet. I ei analyse av desse næringane i perioden frå 1970 og fram til tusenårsskiftet, viser Engebretsen (2001) at det har vore ein generell vekst i desse næringane i dei fleste sentra, sjølv om enkelte tenestetypar som bank og post har hatt ei nedbygging. Det har i denne prosessen skjedd til dels store endringar har gitt den Engebretsen kallar eit omstrukturert senterhierarki. Endringane har i første rekke skjedd blant dei minste tettstadane. Mange av desse har fått eit breiare tilbod og ein monaleg vekst i omsetninga i varehandelen. Det har skjedd ein overgang til regionale marknader der auka mobilitet og auka tilgjenge (gjennom vegbygging) er viktige forklaringar.



Figur 6. Endringar i rangeringa av senter i nordlege delar av Møre og Romsdal. Rangeringa i forhold til senter i heile Møre og Romsdal etter omsetning i varehandel (unnateke bil og bensin). Kjelde: Engebretsen (2001).<sup>5</sup>

<sup>5</sup> Engebretsen har ikkje med alle tettstadane i oversikta. Ein del nye tettstader som Hjelset i Molde er til dømes ikkje med, medan Leira i Tustna (som ikkje er tettstad) er med.

Blant tettstadane i Møre og Romsdal, er det fire senter i dei nordlege delane av fylket som har styrka sin posisjon i senterhierarkiet. Ein av desse, Surnadal sentrum/Surnadalsøra, ligg i indre strom. Dei tre andre, Elnesvågen, Eide og Rensvik ligg i aksen mellom Molde og Kristiansund. Alle dei andre tettstadane som Engebretsen har med i si oversikt i Surnadal- og Sunndal-regionen, har svekt sin posisjon. Særleg gjeld dette Rindal og Tingvollvågen

Tabell 2. Omsetning (1997-prisar) i varehandel i tettstader i 1972 og 2000, tal sørvisfunksjonar i 1972 og 1999. Surnadal- og Sunndal-regionen. Kjelde: Engebretsen (2001).


	Omsetning (mill. kr)		Endring omsetning	Tal sørvisfunksjonar	
	1972	2000		1972	1999
Eidsvåg	52	80	54 %	7	12
Tingvollvågen	49	50	2 %	10	19
Sunnalsøra	185	270	46 %	25	28
Surnadal sentrum - Surnadalsøra	88	268	205 %	15	27
Rindal	32	29	-9 %	5	11
Engan	9	10	11 %	3	3

Hovudtrekka i utvikinga er slik:

- Surnadal sentrum - Sunndalsøra skil seg sterkt ut blant tettstadane i dei to regionane. Ein auke i omsetninga i varehandelen på over 200 prosent er også langt over gjennomsnittet for landet, som var 64 prosent i perioden. Tettstaden har i perioden fått eit klarare preg av å vere regionsenter og har nesten teke att Sunndalsøra i tal sørvisfunksjonar i perioden.
- Det andre regionsenteret, Sunndalsøra, hadde saman med Eidsvåg vekst noko under landsgjennomsnittet. Sunndalsøra hadde alt eit breitt spekter av sørvisfunksjonar etter å ha vore gjennom ein sterk ekspansjonsperiode fram til 1970-åra.
- Rindal har hatt faktisk nedgang i omsetninga i varehandelen (1997-prisar) frå 1997 til 2000, Tingvollvågen ein svak auke. Også Engan har hatt svak vekst. Både Rindal og Tingvollvågen har likevel fått utvida spekteret av sørvisfunksjonar i perioden.

## Pendling – ein integrerende faktor for regionane?

Pendlinga ut frå kommunane i dei to regionane er relativt omfattande. I to av kommunane er meir enn kvar tredje yrkesaktive pendlarar. Senterkommunane i dei to regionane (Surnadal og Sunndal) har minst samla utpendling, omlandskommunane mest. Dette er som venta. Det er også dei kommunane som ligg mest strategisk til i pendlings-samanheng som har størst utpendling. Dette gjeld Nesset med si plassering mellom Sunndal og Molde og det gjeld Tingvoll med si plassering mellom Sunndal og Kristiansund.




Figur 7. Samla utpendling frå kommunane i Sunndal- og Surnadal-regionen. 2002. Prosent av yrkesaktive i kommunane. Kjelde: Statistikkbanken, Statistisk sentralbyrå.

Arbeidsreiser kan knytte regionane saman, ved at folk opplever kommunane i regionen som ein felles arbeidsmarknad. Men arbeidsreisene kan også dra i andre retningar, der arbeidsmarknaden utanfor regionen blir vel så viktig. Dette vil særleg vere aktuelt for regionar som ikkje sjølve har store senter som kan verke som ”magnetar” for arbeidskraft frå eit større omland. I slike tilfelle kan større arbeidsplasskonsentrasjonar utanfor vere vel så viktige for volumet på arbeidsreisene.

I kva grad finn ein uttrykk for pendling som integrerende for kommunane i Sunndal- og Surnadal-regionen? Følgjande trekk peikar i ein slik retning:



- For fire av kommunane er ein annan kommune i området viktigaste oppmøtekommune for pendlarane. For pendlarar frå Surnadal og Tingvoll er Sunndal viktigaste oppmøtekommune. For pendlarar frå Halsa og Rindal er Surnadal viktigaste oppmøtekommune
- I tillegg er Nesset den kommunen etter Tingvoll som har flest pendlarar med arbeidsstad i Sunndal kommune. Pendlinga frå Nesset har likevel eit klart tyngdepunkt i dei arbeidsreisene som går til Molde.
- Pendlingsmønsteret understrekar også eit stykke på veg den inndelinga av økonomiske regionar som eksisterer i dag, så lenge viktigaste oppmøtekommune for pendlarar frå Halsa og Rindal er Surnadal og viktigaste oppmøtekommune for pendlarar frå Tingvoll er Sunndal.
- Om ein søker trekk i pendlingsmønsteret som går i retning av integrasjon av dei to regionane, kan det faktum at Sunndal er viktigaste oppmøtekommune for pendlarar for Surnadal vere eit uttrykk for dette. Det er snakk om 111 pendlarar mellom to kommunar der reisetida mellom dei to kommunesentra er knapt ein time inkludert ferje.



Figur 8. Dei viktigaste pendlingsstraumane frå kommunar i Surnadal- og Sunndal-regionen. Faktiske tal. Kjelde: Statistikkbanken, Statistisk sentralbyrå.

Det er også klare sider ved pendlingsmønsteret som trekkjer pendlingsstraumane ut av regionen:

- Det er særleg oppmøtekommunane Molde, Kristiansund og Trondheim som trekkjer pendlarar ut av regionen.
- Trondheim er viktigaste oppmøtekommune for pendlarar frå Sunndal kommune, viktigare enn nokon av dei lokale kommunane.<sup>6</sup>
- Berre to kommunar har samla fleire pendlarar med oppmøte i Surnadal- eller Sunndal-regionen enn i ein av dei tre byane i "nærområdet".
- Dette gjeld Rindal der 107 pendlarar har oppmøtekommune "lokalt" mot 43 pendlarar som har oppmøtestad i ein av dei tre byane i "nærområdet" (hovudsakleg Trondheim).
- Det gjeld også Surnadal, der 242 pendlarar har oppmøtekommune "lokalt" mot 144 pendlarar til byane i "nærområdet" (hovudsakleg Trondheim og Kristiansund).
- For Tingvoll er fordelinga av pendlarar med oppmøte "lokalt" og i byane i "nærområdet" (hovudsakleg Kristiansund) om lag halvt om halvt, 194 mot 204.
- For dei fire andre kommunane er byane i "nærområdet" viktigare som oppmøtestad enn dei andre kommunane i Surnadal- og Sunndal-regionen til saman.
- For Nesset er det langt meir enn dobbelt så mange som pendlarar til dei tre byane (hovudsakleg til Molde) som til kommunane på indre Nordmøre. Nesset er då også til vanleg rekna som ein del av Molde-regionen.
- Blant pendlarane frå Sunndal er det 106 pendlarar som har oppmøte i ein av dei tre byane i "nærområdet", mot 61 "lokalt".
- Blant pendlarane frå Halså er det 85 pendlarar som har oppmøte i ein av dei tre byane i "nærområdet" (hovudsakleg Kristiansund og Trondheim), mot 61 "lokalt".


Pendlinga har auka relativt sterkt i fleire kommunar i regionen, berre i løpet av dei første åra etter tusenårsskiftet. Dette fell i stor grad saman med nedgang i tal sysselsette i kommunane (jf. faktablad). Dette er særleg tydeleg i Tingvoll. Tingvoll hadde ei auke i tal pendlarar på 42 personar til Sunndal, 41 personar til Molde og 12 personar til Kristiansund i løpet av åra 2000–2002. I same perioden var det ein nedgang i lokal sysselsetjing i kommunen på 94 personar.

---

<sup>6</sup> Det er kjent at ein del studentar blir registrerte som pendlarar fordi dei har deltidsarbeid på studiestaden. Ein del av Trondheimspendlarane frå Sunndal og dei andre kommunane kan vere slike studentpendlarar.

## Identitet og avisstruktur

Det blir sagt at om du ”fortel meg kva avis du les så kan eg fortelje kva samfunn du tilhører” (Amdam m. fl. 2004). Det kjem ut to aviser på Indre Nordmøre, Aura Avis og Driva. Begge blir utgjevne på Sunndalsøra. Aura Avis har avdelingskontor i Tingvoll og Nesset, medan Driva har avdelingskontor i Nesset og Surnadal. Større regionaviser med nedslagsfelt i Surnadal- og Sunndal-regionen kjem ut i dei tre næraste større byane. Dette gjeld Adresseavisen (Trondheim), Tidens Krav (Kristiansund) og Romsdal Budstikke (Molde). Av desse er det berre Tidens Krav som har eige avdelingskontor på Indre Nordmøre. Dette kontoret ligg i Surnadal.<sup>7</sup>




Figur 9. Største lokal- eller regionavis i kommunane, minst 50 prosent husstandsdekning. Kjelde: Aviskatalogen.


- Berre to av kommunane har aviser frå Indre Nordmøre som største lokal- eller regionavis; Sunndal med Aura Avis og Surnadal med Driva.
- I dei andre kommunane er det aviser med utspring i andre regionar som har posisjon som største avis med lokalt eller regionalt stoff. I Rindal er Adresseavisen størst, men med Driva like etter i dekningsgrad. I Tingvoll har Tidens Krav eit klart forsprang på

<sup>7</sup> Opplysningane om avdelingskontor er henta frå <http://www.aviskatalogen.no/index.asp>.

Aura Avis, sjølv om den siste også dekker fram mot halvdelen av husstandane i kommunen. I Halså er Tidens Krav klart størst og meir enn dobbelt så stor som Driva, medan Romsdal Budstikke er klart størst i Nesset.



Figur 10. Kommunal dekningsgrad for Aura Avis. Kjelde: Aviskatalogen.



Figur 11. Kommunal dekningsgrad for Driva. Kjelde: Aviskatalogen.

På mange måtar peikar dekningsgraden for dei to lokalavisene i retning av ei todeling internt på Indre Nordmøre. Aura Avis har primært nedslagsfelt i Sunndal kommune. Husstandane i omlandskommunane les i større grad Driva. Mønsteret er likevel ikkje heilt eintydig i og med at Aura Avis også har relativt god dekningsgrad i Tingvoll, medan Driva har liten dekningsgrad i denne kommunen.

Aura Avis har røter i arbeidarpessa og har slik ein særleg forankring i industristaden Sunndalsøra. Avisa Driva er ei politisk uavhengig avis med vekt på ”grønne verdier og hatt mye stoff om primærnæringene (Innvik og Ulvund 1990: 202). Slik sett speglar dei to avisene to ulike kulturar i området, ein med røter i bondekulturen og ein med røter i industrisamfunnet.

Todeling av regionen er endå tydlegare når ein ser på fordelinga av stemmer ved val. Ved kommunevalet 2003 var det berre industrikommunen Sunndal som hadde sosialistisk fleirtal i kommunestyre. Det norske arbeidarparti gjorde rett nok eit dårlegare val enn vanleg i denne kommunen. Alle dei andre kommunane hadde borgarleg fleirtal, med Senterpartiet som største parti. Både i Surnadal, Rindal og Halså fekk Senterpartiet rundt halvparten av røystene. Her er det også ei kopling når det gjeld aviser og partitilknyting. Aura Avis er ein del av A-pessa og har tradisjonelt ei tilknyting til Det norske arbeidarparti. Driva har vore politisk uavhengig.

- Det er nok rimeleg å tenke seg at den tradisjonelle motsetnaden mellom bondesamfunnet og industristaden i høgste grad framleis påverkar identitetstilknyting på Indre Nordmøre. Både avisstruktur og politiske sympatiar peikar i ein slik retning.
- Det er også rimeleg å tenke seg at identiteten peikar i ulike retningar mot dei byane ulike kommunar i området er knytt til ved val av regionaviser. I alt tre regionaviser trekkjer i så måte i kvar sin retning, der Nesset har nær kopling til Molde, Tingvoll og Halså er sterkt kopla mot Kristiansund og Rindal trekkjer mot Trondheim.

## Næringar og utdanningsnivå

Kommunane i Surnadal- og Sunndal-regionen er på line med mange andre kommunar elles i Møre og Romsdal prega av at relativt mange hentar utkome frå produksjonsnæringane. Særleg har Rindal og Halså ein stor andel sysselsette i primærnæringane, over 20 prosent mot eit gjennomsnitt på 9 prosent i resten av landet (jf. faktablad). Sunndal er den store industrikommunen. I 2002 var framleis fire av ti dei yrkesaktive i Sunndal kommune tilsette i sekundærnæringane. Det er berre Halså som har færre sysselsette i industrien enn gjennomsnittet for landet.


Tabell 3. Endringar i sysselsettinga i Surnadal- og Sunndal-regionen etter næring 2000-2002. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.

Næring	Sysselsette 2002	Endring 2000-2002	Endring i prosent
Jordbruk, skogbruk og fiske	1175	-108	-8,4 %
Industri, bergv., olje- og gassutv.	2545	-216	-7,8 %
Kraft- og vannforsyning	167	-3	-1,8 %
Bygg og anlegg	911	81	9,8 %
Varehandel, hotell- og restaurant	1545	82	5,6 %
Transport og kommunikasjon	614	-37	-5,7 %
Finansiell tenesteyting	134	-4	-2,9 %
Forretningsmessig tenesteyting, eigendomsdrift	498	85	20,6 %
Off.adm. og forsvar, sosialforsikr.	699	-33	-4,5 %
Undervisning	767	-34	-4,2 %
Helse- og sosialtenester	1906	-13	-0,7 %
Andre sosiale og personlige tenester	300	58	24,0 %
Uoppgitt	72	-8	-10,0 %
I alt, alle næringar	11333	-150	-1,3 %


Åra etter 2000 har vore ein vanskeleg periode på arbeidsmarknaden, særleg for produksjonsnæringane. Dette har også tilfelle i Surnadal- og Sunndalregionen. I løpet av dei første åra i det nye tusenåret, har sysselsetting i jordbruk og industri (samt nærliggande næringar) vorte redusert med meir enn 300 personar i dei to regionane. Samstundes har det vore ein viss vekst i ein del tenesteytande næringane, men også blant desse er det ein del næringsgrupper som har hatt nedgang.

Utdanningsnivået i regionen Møre og Romsdal er relativt lågt jamført med landet elles. Samstundes ligg alle kommunane i Surnadal- og Sunndal-regionen lågare enn gjennomsnittet for Møre og Romsdal.

- Det er særleg blant mennene at utdanningsnivået er lågt. Kommunar som Rindal, Halså og Nesset ligg alle langt under gjennomsnittet for Møre og Romsdal.
- Sunndal og Tingvoll har størst innsalg av personar med høgare utdanning.
- Surnadal har relativt lågt utdanningsnivå, gitt at dette er ein av dei to regionsenterkommunane på Indre Nordmøre.



Figur 12. Andel menn med høgare utdanning i Surnadal- og Sunndal-regionen jamført med gjennomsnittet for Møre og Romsdal (Gjennomsnittet Møre og Romsdal = 16,5 %).



Figur 13. Andel kvinner med høgare utdanning i Surnadal- og Sunndal-regionen jamført med gjennomsnittet for Møre og Romsdal (Gjennomsnittet Møre og Romsdal = 18,2 %).

## Næringshistoriske hovudliner

Hovudtrekka i næringsutviklinga som pregar Nord-Vestlandet har nyleg vore studert som ein del av forskingsaktiviteten knytt til det såkalla Regionalforskningsprogrammet (Løseth 2004, Bjarnar, Løseth og Gammelsæter 2004). I dette arbeidet har regionale næringskulturar vorte trekt fram som viktige forklaringar til dei forskjellane som pregar næringsutviklinga på Nord-Vestlandet. Mytane kring nordmøringen og sunnmøringen er velkjende. Forskarane har teke mytane på alvor og ser både på basisen for mytane. Dei er også opptekne av at mytane faktisk fungerer som realitetar så lenge dei påverkar handlingane til menneska som bur i fylket.

Det blir gjennomført analyser av næringskulturane som eit historisk fenomen. I tillegg blir det også understreka at forskjellane framleis blir opplevd som reelle for leiarar i bedrifter frå ulike delar av Møre og Romsdal i dag.

Næringskulturen på Nordmøre er ikkje i same grad som lengre sør i fylket prega av felles interesser mellom bedriftene. ”Grensa” går ofte ved bedrifta og interessene til denne, medan fellesskapet mellom bedriftene og koplinga mellom bedrift og lokalsamfunn og region har vore mykje sterkare mange stader på Sunnmøre. Gjennom deling av kunnskap med relevans for ulike bransjar, har utviklinga og framgangen til ei bedrift også kunne gje grunnlag for utvikling av andre bedrifter. Når utviklinga på Nordmøre i stor grad har vore prega av ein annan næringskultur, har nyskapinga i næringslivet også vore meir moderat.

Næringskulturar er eit produkt av historiske forhold. Nordmøre har tradisjonelt vore prega av større classeskilje enn lengre sør i fylket. Dette gjeld både i landbruk og i fiske. Slike classeskilje legg ikkje grunnlag for å utvikle fellesinteresser mellom ulike grupper i lokalsamfunnet eller regionen.

Forholda på Nordmøre – og i Indre Sogn – ligna mer på skogsbygdene østafjells, der kontroll og eiendomsrett over naturressursene kan ha hemma innovasjonsaktiviteten. Strukturen var prega av sterke sosiale konflikter, som skapte klare klassemotsetningar som hindra økonomisk nyskaping. Ressursene var konsentrert hos store gardbrukere og først og fremst skogeiere. Personer fra lavere sosiale lag hadde små muligheter til mobilisere ressurser for ny næringsvirksomhet. Samtidig kan motiva for å industrialisere ha vært små hos skogeiere og store gardbrukere. De kunne opprettholde den sosiale og økonomiske posisjonen og statusen sin uten å bevege seg inn i nye næringsområder. (Løseth 2004, 41).

Også industriutviklinga på Nordmøre kan ha vore med på å underbygge næringskulturen som ser ut til å prege området i dag. Det er fleire døme på industrietableringar basert på ekstern kapital. Trevareindustrien i Valsøyfjord er eit tidleg døme på slike etableringar. Det mest sentrale døme er likevel aluminiumsverket på Sunndalsøra som vart etablert i 1954 og som vaks fram til å bli den største industriarbeidsplassen i Møre og Romsdal sist på 1960-talet. I tillegg til at denne industrietableringa var basert på ekstern kapital, var den prega av avgrensa lokal ringverknader i form av andre industrietableringar. Den var også prega av eit relativt høgt lønsnivå, noko som gjorde det vanskeleg for arbeidsintensiv produksjon å etablere seg. Avstanden mellom leiarar og spesialistar som kom utanfrå og arbeidsfolk var også ofte opplevd som stor.

Den nære kontakten mellom Nordmøre og Trondheim har også vore sett på som ei bremse for modernisering og utvikling. Trondheim, og seinare Sunndalsøra, tok av for befolkningspresset



i regionen. Dette gav ei tapping av menneskelege ressursar samstundes som mykje av innovasjonsaktiviteten faktisk skjedde i naboregionen.

Næringskulturar er såleis djupt forankra i historiske forhold. Dette vil likevel ikkje seie det same som dei ikkje kan endre seg. I ein studie frå "Hydroland", rett nok ikkje frå Sunndalsøra, men frå Høyanger og Årdal, peikar Jon Gunnar Nesse på kulturfaktorar som industrisamfunn som dette kan byggje vidare på:

Det er mykje intellektuell kapital i form av industrikompetanse i samfunn som Høyanger og Årdal. Dugnadsånda, som mellom anna har vist seg i dei døma på kollektiv entrepenørskap som vi har skildra, indikerer dessutan ein viss sosial kapital som ein kan utvikle vidare. (Nesse 2004, 105).

## Erfaringar med interkommunalt samarbeid

Det er fleire forhold som pregar samarbeid på tvers av kommunegrensene for kommunane i Sunndal- og Surnadal-regionen. På bakgrunn av intervju med ordførarane i dei seks kommunane, kan følgjande stå som hovudpunkt:

1. Samarbeidet har i hovudsak ei klar forankring i den offisielle inndelinga i økonomiske regionar ([http://www.ssb.no/emner/00/00/nos\\_c616/nos\\_c626.pdf](http://www.ssb.no/emner/00/00/nos_c616/nos_c626.pdf)). Kommunane Halså, Surnadal og Rindal har samarbeid på fleire område i Surnadal-regionen. I Sunndal-regionen, som består av Tingvoll og Sunndal, er det likevel i mange samanhengar også naturleg å trekke med Nesset kommune, sjølv om den reint formelt er rekna som ein del av Molde-regionen.
2. Limet i det eksisterande samarbeidet er dei to regionsentra. Regionsentra verkar samlande på den måten at dei er viktige i det som blir sett på som eit felles bu- og arbeidsmarknadsområde i kvar av dei to regionane, samstundes som dei gir tenester til befolkninga i regionen.
3. Dei to regionsentra ser også føre seg eit tettare samarbeid på tvers av region- og kommunegrensene, noko som ikkje synest å vere eit prioritert tema i dei andre kommunane. Særleg frå Rindal si side blir det vurdert som uaktuelt å prioritere utviding av samarbeidet i ein slik retning. Frå Tingvoll si side blir det mellom anna lagt vekt på at det planlagde Todalsfjordprosjektet som skal knyte dei to regionane tettare saman, i for sterk grad er prega av at ein vil utvikle kontakten mellom Sunndal og Surnadal. Tingvoll ser heller val av anna løysing for prosjektet, som i større grad vil knyte saman større delar av regionen.
4. "Drakrafta" frå byane i nærområdet er synleg for omlandskommunane. Dette blir tydelegast uttrykt i kommunane Tingvoll, Nesset og Rindal. I Rindal legg ein også vekt på den nære kontakten det er mellom denne kommunen og Orkanger-regionen. Både Tingvoll, Nesset og Rindal er prega av at befolkninga i delar av kommunane, har eit reisemønster der samhandlinga i retning av Sunndalsøra eller Surnadal sentrum er lita. Dette kan gjelde både i forhold til arbeidsreiser, vidaregåande skule og handel.
5. Omlandskommunane har i stor grad behov for å definere samarbeidslinjer på tvers av dei økonomiske regionane. Eit einseitig samarbeid i ein retning, til dømes mellom Rindal og Surnadal eller mellom Tingvoll og Sunndal, gjer at omlandskommunane føler at dei taper det som ligg i andre samarbeid, til dømes mellom Rindal og Meldal/Orkdal eller Tingvoll og Kristiansund/Frei.
6. Synet på meir breiare samarbeidsforum varierer sterkt mellom kommunane. I tillegg til samarbeidet mellom to eller fleire nabokommunar er alle kommunane til dømes med unntak av Nesset, medlemmer av i Orkidé. Dette er eit ordførar- og rådmannskollegium for alle kommunane på Nordmøre. Nesset er med i tilsvarande samarbeid i Romsdalen. Orkidé-samarbeidet blir vurdert ulikt, der Tingvoll og Halså legg mest vekt på dei samarbeidstiltaka som har utspring i Orkidé. Det kan vere naturleg å sjå dette i samband med plasseringa til Tingvoll; "midt" på Nordmøre. Frå Rindal si side blir Orkidé derimot først og fremst sett på som eit nettverk der ein held kontakt med ordførarar og rådmenn, utan at samarbeidet har så mykje konkret å seie for kommunen.
7. Ein viktig del av samarbeidet mellom kommunane er teknisk og praktisk samarbeid knytt til dei oppgåvene kommunen som tenesteprodusent. Felles kulturprosjekt, reiselivsprosjekt og anna samarbeid om utviklingsoppgåver er likevel ikkje fråverande som tema i eksisterande samarbeid. Tingvoll, Nesset og Sunndal her arbeidd saman om "Det regionale utviklingsprosjektet", eit prosjekt knytt til utbygginga til Norsk

Hydro på Sunndalsøra. Rindal, Halså og Surnadal har etablert ein felles næringshage. Sunndal og Surnadal er til dømes også opptekne av at ei nærare kopling mellom dei to regionane kan gjere Indre Nordmøre meir attraktivt som framtidig felles bu- og arbeidsområde.

8. Identitetsmessig er inntrykket at nordmørsidentiteten, knytt til dei gamle fogderigrensene, framleis er noko som befolkninga i alle kommunane har felles. Unntaket her er naturleg nok Nesset, som ikkje er ein nordmørskommune, men ein romdalskommune.

Ordførarane gav gjennom intervjuet synet på samarbeid sett frå den enkelte kommune. I desse intervjuet omtalar dei både konkrete samarbeid og gjev vurderingar av behov for meir samarbeid. Dei konkrete døma på samarbeid representerer ikkje alltid ei fullstendig liste over dei samarbeida kommunane tek del i, men viser samarbeidsformer som er trekt fram av ordførarane.

### **Surnadal kommune**

Surnadal kommune samarbeider mest med kommunane Rindal og Halså. Ein oppfattar det slik at det er eit godt grunnlag for dette samarbeidet. Rindal, Halså og Surnadal samarbeider om PP-tenesta, kulturskule, Surnadal Produkter (ASVO bedrift) og har også eit felles energiselskap. Det er også aktuelt med eit samarbeid om tiltak retta mot ungdom, mellom anna med tanke på å motverke rusproblem. Dei tre kommunane har etablert felles næringshage, i tillegg til at Surnadal har eit eige kommunalt utviklingsselskap. Surnadal og Rindal er i ferd med å utvikle eit samarbeid om bibliotek.

Det var etablert eit eige samarbeidsprosjekt på initiativ frå kommunane sjølve (Rindal, Surnadal og Halså), der ein kom så langt at ein hadde utkast til avtale. Rindal trekte seg seinare ut av dette. Frå Surnadal blei det samarbeidet sett som eit alternativ til endringar i kommunestrukturen, men dette prosjektet er så langt lagt på is..

Surnadal er med i Orkidé. Styrken i dette samarbeidet, sett frå Surnadal si side, er at ein byggjer nettverk mellom ordførarar og rådmenn i kommunane. Orkidé blir sett som eit sterkt talerør for Nordmøre. Orkidé er også viktig med tanke på utviklinga av breiband og for IKT-samarbeidet mellom kommunane.

Surnadal er open for samarbeid på ei rekke område. Ulike tenester der behovet om kompetanse er viktige. Barnevern kan vere eit døme på dette. Avstand til brukarane kan vere eit argument for større samarbeid mellom kommunane på slike område. Miljø, landbruk, skogbruk kan også vere område der samarbeidet kan utvidast. Her har Surnadal sjølv god kompetanse, men det vil ofte vere mange felles problemstillingar med nabokommunane som kan danne grunnlag for eit tettare samarbeid. Når det gjeld helsetenester kan det vere aktuelt med meir kjøp og sal av tenester mellom kommunane, alt etter om ein har over- og underkapasitet på bestemte område. Utviklingsarbeid er også eit viktig område for vidare samarbeid. Det er viktig å innsjå at ein i del tilfelle må samarbeide for å sikre utvikling av regionen, sjølv om ein også vil kunne vere reelle konkurrentar i andre tilfelle.

Det som i størst grad talar for samarbeid mellom kommunane er at det er nødvendig for å få ressursane til å strekke til. Uavhengig av utfallet av debatten om endringa av kommunestrukturen, vil det vere behov for å utvikle tenestekommunen basert på det å få meir

ut av ressursane og å styrke kompetansen til kommunane. Med eit tettare samarbeid kan Sunndal og Surnadal bli koplementære senter og gje større stryke til indre Nordmøre.

Dei sterkaste argumenta mot samarbeid ligg kanskje mest på følelsemessig plan. Befolkninga har eigarforhold til kommunen. Kulturforskjellar kan skape vanskar. Det kan vere problem knytt til legitimitet for dei som skal gjennomføre konkrete samarbeidsoppgåver. Redselen for redusert aktivitet lokalt, anten det er kommunale arbeidsplassar eller andre, er gjerne eit problem. Det blir likevel oppfatta slik at det er ei haldningsendring i retning av større forståing av at det som er bra for naboen også kan vere bra for ein sjølv.

Samarbeidet bør primært vere forplikande, men samarbeidsformene må vurderast frå område til område.. Det er også viktig å organisere arbeidet på ein slik måte at det er enkelt og ressursparande, slik at mest mogleg av ressursane går til tenesteproduksjon.

Surnadal har nær kontakt med Sør-Trøndelag på fleire område. Surnadal og Rindal har vore med i prosjekt med kommunar i Sør-Trøndelag, som t.d. "Riksveg 65". Dette var eit reiselivsprosjekt. Erfaringane var at det nok skapte ein del usikkerheit på fylkesnivå når det var snakk om å søke midlar til prosjekt som gjekk utanfor fylkesgrensene. Surnadal vil elles arbeide for å utvikle eit godt samarbeid mellom kommunar på Nordmøre og Sør-Trøndelag, til dømes kommunane Oppdal, Meldal og Orkdal.

Både i forhold til handel, sørvis og kulturhuset blir regionsenteret brukt av befolkninga i regionen. Den same gjeld aktivitetar knytt til kulturarrangementet som Norsk laksefestival og Vårsøghelga.

Folket i Surnadalen føler seg som nordmøringar, men identiteten er likevel delt i det ein kan sjå på som ein fjord- og dalkultur. Dei områda som soknar mot sjøen har rekna Kristiansund som byen (frå den gongen "dampen" batt by og land saman), medan andre har rekna Trondheim som byen. I dag kan ein sjå ei dreining der Trondheim får ein viktigare funksjon. Trondheim er mellom anna ein naturleg stad for ungdom å søkje utdanning.

### ***Rindal kommune***

Rindal kommune samarbeider per i dag mest med Surnadal kommune. Som nummer to kjem samarbeidet mellom dei tre kommunane Rindal, Halså og Surnadal. Det er svært lite samarbeid som går i retning Tingvoll og Sunndal. Rindal er mellom anna med i næringshagen i Surnadal, men arbeider med å danne eit eige utviklingselskap for å ha fokus på lokale sider ved næringsutvikling i tillegg. Rindal samarbeider også med Halså og Surnadal om kulturskule og PP-tenesta.

Rindal vedtok i mai 2003 og avvente vidare utvikling av det interkommunale samarbeidet. Rindal ønskjer ikkje å vere for sterkt låst til eit einseitig samarbeid mot dei to andre nordmørskommunane, men ønskjer også å vere opne for samarbeid i retning av Orkdal-regionen. I dag har Rindal legevakt i Orkdal og eit praktisk samarbeid mellom legane i Rindal og Meldal. Renovasjon er også knytt til Orkdal-regionen. Ein regional ungdomsmusikal er også til dømes under planlegging, med Rindal, Meldal, Surnadal og Rennebu som deltakarar.

Frå Rindal si side er det ønskjeleg at samarbeidet mellom kommunane skal spegle det mønsteret som trer fram når innbyggjarane hentar andre tenester. Dette gjer at Meldal, Orkdal og Surnadal er dei tre mest naturlege samarbeidspartane, medan det vil vere unaturleg om folk skulle reise til Halså, Sunndal eller Kristiansund. Rindal legg også vekt på at ein skal kunne

tilby tenester der folk bur, dvs. at i dei tilfella der det er snakk om personretta tenester, skal det vere representantar som folk kan vende seg til i kommunen. Konklusjon er såleis at Rindal har behov for samarbeid og vil vidareutvikle det samarbeidet som er i gang. Dette gjeld særleg samarbeid mot Surnadal, Orkdal og Meldal. Desse tre kommunane utgjer nærregionen for Rindal. Ein ser særleg mot Orkdal-regionen også med tanke på næringsutvikling. Men ønskjer ikkje så utstrekt samarbeid at ein undergrev grunnlaget for Rindal som eigen kommune.

Når det gjeld breiare samarbeid på Nordmøre, er Rindal med i Orkidé. Orkidé har ein funksjon som eit nettverk der ein held kontakt med ordførarar og rådmenn, elles har dette samarbeidet relativt lite konkret å seie for Rindal.

Når det gjeld område der det kan vere aktuelt med for samarbeid, blir barnevern, landbruk, oppmåling, vatn, kloakk, løn og økonomi nemnde. Ein er likevel avventande. Det er viktig å ta omsyn til kva som er viktig å ha i nærmiljøet og at ein ikkje svekkar grunnlaget for busetnad i kommunen gjennom samarbeid.

Det som talar mest for samarbeid, er økonomi. Eit samarbeid må gje økonomisk vinst, men dette må igjen vurderast opp mot om det skaper ulemper for den enkelte, t.d. i form av transportutgifter. Når det gjeld å skaffe kompetanse blir ikkje dette opplevd som noko stort problem i Rindal så langt, men ein ser ikkje vekk frå at dette kan bli ei større utfordring på sikt.

Det fremste argumentet mot tettare samarbeid mellom kommunane, er at dette kan gje ei tapping av kompetanse og tenestetilbod i lokalmiljøet. På denne måten undergrev ein grunnlaget for å oppretthalde eit attraktivt lokalsamfunn.

Når det gjeld form på samarbeidet ønskjer ein frå Rindal si side fleksible løysingar, tilpassa tema for samarbeidet. Ein er opptekne av dei demokratiske utfordringane som ligg i slikt samarbeid og ønskjer å sikre politisk kontroll.

Rindal grensar mot Sør-Trøndelag, men opplever ikkje at fylkesgrensa representerer noko stort hinder for samarbeid. Ein opplever at det har skjedd positive endringar, til dømes etter at dei nye helseregionane vart etablerte. Fylkesplanen har derimot ikkje så langt spegla potencialet som ligg på den andre sida av grensa. Ved ein revisjon av fylkesinndelinga er Midt-Norge einaste alternativ for Rindal.

Når det gjeld felles aktivitet over kommunegrensene er samhandlinga med Surnadal nok den viktigaste, men elles er kommunen prega av å vere delt. Når Surnadal er viktigast, har dette samanheng med at den folkerikaste delen av kommunen ligg nærast Surnadal. Resten av kontakten er prega av Meldal og Orkdal. All idrett og nettverk knytt til den går nordover. Når det gjeld søking til vidaregåande skule er denne også delt. Orienteringa hos den enkelte seinare i livet er i sterk grad prega av kvar han eller ho gjekk vidaregåande. Identiteten er likevel først og fremst nordmøring. Men Rosenborg og vinteridrett med kopling mot Trøndelag står sterkt. Byen er Trondheim. Slik sett kan ein også snakke om ein litt splitta regional identitet. Samstundes er folk i kommunen prega av at dei har ein sterk lokal identitet som rindalingar.

## **Halsa kommune**

Halsa samarbeider primært med kommunane Surnadal og Rindal. Samarbeidet omfattar kulturskule, PP-tenesta og felles energiselskap. Det er også aktuelt med eit tettare samarbeid førebyggjande helsearbeid blant ungdom. Kommunane Halsa, Rindal, Surnadal, Sunndal og Tingvoll har også etablert eit laboratorium (AS) i tilknytning til at mattilsynet har regionkontor i Surnadal.

Elles er Orkidé sentralt for Halsa sin del, men samstundes opplever ein at samarbeidet er prega av motsetnader mellom indre og ytre delar av Nordmøre, noko som har gjort at ein ikkje har kome så langt gjennom dette samarbeidet som ein kunne ha gjort. Det har likevel vore samarbeid der Orkidé har vore viktig. Det gjeld det å etablere felles innkjøpsordningar, IKT, renovasjon, spesialisttenester, nettverksbygging mellom kollega, felles marknadsføring av merkevare Nordmøre, reiseliv og i forhold til museumsdrift. Eit aktuelt døme på kultursamarbeid er prosjektet ”På tur med geita”, eit kulturarrangement som blir sett opp i dei enkelte nordmørskommunane, med kabaret og lokale innslag.

Ein ser føre seg eit vidare samarbeid mellom kommunane med tanke på spesialisering av tenester som økonomi og rekneskap. Med tanke på utviklingsoppgåver vil eit nærare samarbeid på reiseliv vere særleg aktuelt, mellom anna med tanke på felles marknadsføring. Vidare ser ein føre seg at ein må jobbe på kultursida for at Normøre som kulturområde skal vise att. Frå Halsa si side ser ein også behov for å ta opp att eit regionalt samarbeid for å ha betre kontakt med utflytta ungdom. Ein ønskjer også utvikling av regionale fond for næringslivet. Det er mest naturleg for Halsa å satse vidare på samarbeid med Surnadal og Rindal. I tillegg vil det vere aktuelt med litt samarbeid på ytre Nordmøre og næraste trøderkommune som er Hemne. Halsa har alt hatt ein del samarbeid med Aure, Smøla, Tustna om reiseliv (HAST). Hemne er aktuell samarbeidspart i arbeidet for å utbetre E39, som er prega av dårleg standard gjennom desse to kommunane.

Det er særleg to ulemper med eit utstrekt samarbeid mellom fleire kommunar, slik dette blir opplevd frå Halsa. Dei små kommunane kan for det første lett bli taparar i kampen om arbeidsplassane. I tillegg er samarbeid tidkrevjande, det krev mykje reising og samordning. Difor er ønsket at samarbeidet bør tilretteleggast på ein meir rasjonell måte. Det må lagast ordningar der ein ikkje druknar i generalforsamlingar, seier ordføraren. Sjølve forma på samarbeidet må tilpassast formålet, men det er viktig å organisere dette på ein mest mogleg oversiktleg måte.

Halsa prioriterer primært samarbeid med kommunar i Møre og Romsdal, men har hatt samarbeid med Hemne med tanke på veg, reiseliv og fiskehelseteneste. Frå Halsa si side blir ikkje fylkesgrensa opplevd som noko spesielt hinder for samarbeid.

Lite kontakt i retning av Kristiansund for befolkninga i Halsa. Primært går kontakten i retning av Surnadal, ikkje minst med tanke på kulturhuset. Elles er Trondheim, Kyrksæterøra og Orkdal viktige for handel. Særleg i dei nordlegaste delane av kommunen er Trondheim byen. Ein del miljø er prega av kontakt med store delar av Nordmøre. Dette gjeld særleg turistforeiningsmiljøet og veteranbåtmiljøet som står sterkt i kommunen. Først og fremst er den regionale identiteten knytt til det å vere nordmøring, men tilknytninga går både mot nord, sør og vest, alt etter kor i kommunen ein bur.

## **Sunndal kommune**

Saman med kommunane Nettet og Tingvoll er Sunndal med i "Det regionale utviklingsprosjektet" (omtalen av dette prosjektet er her basert på ordførarane i alle dei tre kommunane). Motivasjonen for oppstart var å utnytte Norsk Hydro si utbygging i Sunndal-samfunnet til vidare vekst. Dette er eit formalisert samarbeid. Ideen var henta frå samarbeidet mellom OL-kommunane og finansiert gjennom Kommunal- og regionaldepartementet, men initiert først og fremst frå Sunndal. Opphavleg hadde Sunndal tenkt dette knytt til eigen kommune, men det kom krav om at dette skulle ha et regionalt tilsnitt som i OL-området. Midlane vart seinare dratt inn og overført til regionale utviklingsmidlar, noko som også gav mindre midlar og reduksjon av ambisjonane. Målet var å utnytte Hydro-utbygginga og redusere verknadane av den nedbemanninga denne gav. Ein skulle arbeide for å skaffe lokale kontraktar og bygge opp lokalt næringsliv rundt utbygginga. Ein lukkast med å få til ein del slike kontraktar, noko som også har gitt bedriftene auka kompetanse og betre grunnlag for å få nye oppdrag, både i regionen og utanfor.

Det har vore arbeidd for eit tettare samarbeid mellom dei vidaregåande skulane med for å utnytte kompetansen betre ved skulane i Tingvoll og Sunndal, dette for å auke opplæringstilboda i regionen. Her har ein ikkje kome så langt som ønskjeleg mellom anna fordi det er konkurranse om elevane mellom skulane. Generelt har Nordmøre mangel på kompetanse, sjølv om Tingvoll og Sunndal ikkje er blant dei verst stilte.

Sunndal er også representert i Dovrefjellrådet som omfattar kommunane Nettet, Oppdal, Lesja, Dovre og Sunndal. Dette rådet er initiert nasjonalt med tanke på forvaltning av nasjonalparken. Konkret har det vore arbeidd med forvaltningsplan. Gulrota for kommunane har vore å skape næring av parken, men i det praktiske arbeidet har ein møtt på vanskar i forhold til Miljøverndepartementet og naturverninteressene.

Sunndal har positive erfaringar med samarbeidet i Orkidé for å rydde veg for samarbeid på praktiske område. Når det gjeld andre samarbeid mellom mange kommunar deltek Sunndal i renovasjonssamarbeidet for Nordmøre og er med på eit interkommunalt hamnesamarbeid som omfattar dei fleste kommunane på Nordmøre. Det blir i tillegg i regi av Sunndal næringssekskap arbeidd for å leggje ein felles plan for ein del nøkkelprosjekt på samferdselssektoren på Nordmøre og i Romsdal (Samspleis, jf. også omtale under Tingvoll kommune). Fleire kommunar i regionen møter også i same fora med tanke på felles interesser som "Landssamanslutninga av vasskraftkommunar".

Det er også etablert kontakt mellom Surnadal og Sunndal med tanke på å etablere ferjefritt samband mellom dei to kommunane. Med etableringa av det regionale mattilsynet i Surnadal, er også dei to regionane vorte organisert under eitt regionalt kontor.

Sett frå Sunndal kommune er det mest naturleg med samarbeid med Nettet, Tingvoll, Surnadal og Oppdal. I den grad ein har hatt aktivt samarbeid så langt har dette særleg vore retta mot Tingvoll og Nettet. Framover ser ein særleg behov for eit nærare samarbeid med Surnadal. Konkret kan det til dømes vere aktuelt å utvikle samarbeid om barnevern. Det kan vere aktuelt med meir kjøp og sal av kompetanse mellom kommunane. Felles sakshandsaming på like saker, til dømes innan helsevern kan også vere eit område for framtidig samarbeid. Det fremste behovet er likevel knytt til næringslivet og det å kunne danne eit breiare grunnlag for å sikre kompetanse og arbeidskraft til arbeidsmarknaden. I så måte er Surnadal einaste potensiale for utviding, noko som gjer ei vegutløysing mellom Sunndal og Surnadal sentral.

Hindringane for samarbeid ligg i at det er mykje revirtenking, ikkje berre på politisk, men også på administrativt nivå. Generelt ligg redsle for å misse makt i botnen for dette, i tillegg til at det er usikkerheit rundt omstilling og risikoen for å misse arbeidsplassar. Lokaliseringsspørsmål vil også skape vanskar.

Utfordringa for Sunndal er kunne rekruttere arbeidskraft mellom anna for å utvikle verket og anna næringsliv vidare i kommunen. Ein står framfor eit tap av ytterlegare 100 arbeidsplassar på verket og kommunen opplever nedgang i folketalet. Det er mangel på unge folk, slik at ein må ut for å rekruttere dei rette folka og den rette kompetansen. I ein slik samanheng blir det viktig å få stor nok kraft til å framstå som eit attraktivt felles bu- og arbeidsområde. Det er behov for å utvikle næringslivet og å kome vekk frå ein mentalitet der ein har verket å falle tilbake på. Dette gjer eit nærare samarbeid og gode kommunikasjonar mellom Sunndal og Surnadal viktig.

Sunndal ønskjer at samarbeidet skal vere forpliktande på den måten at ein set seg mål som alle arbeider mot. Samstundes bør det vere eit mål å ta vare på det demokratiske elementet, noko som tilseier at ein ikkje bør ende opp med mange interkommunale selskap.

Det er lite sosial kontakt over kommunegrensene, i alle høve med tanke på deltaking på arrangement og liknande i nabokommunane. Den meir uformelle kontakten går nok mest i retning Nettet og Tingvoll og mindre i retning av Surnadal, der ein er avhengig av ferje. Den regionale identiteten ligg i det å vere nordmøring, sjølv om denne ikkje er spesielt framtrekande. Sunndal og industristaden er på mange måtar spesiell i forhold til nabokommunane, med mange tilflyttarar. På samme vis representerer industristaden ein kultur som er a-typisk for resten av kommunen. Bygdeidentiteten står framleis sterkt i mange av bygdelaga i kommunen. På mange måtar har desse bygdelaga meir felles identitet med nabokommunane enn med kommunesenteret.

### **Tingvoll kommune**

Tingvoll deltek i "Det regionale utviklingsprosjektet" saman med kommunane Tingvoll, Nettet og Sunndal. Det har også vore samarbeid mellom dei vidaregåande skulane i Tingvoll og Sunndal (jf. presentasjonen av Sunndal). Tingvoll har samarbeidd med Sunndal, Surnadal, Rindal og Halså for å opprette eit eige laboratorium i samanheng med etableringa av regionkontor for mattilsynet i Surnadal. Dette er eit aksjeselskap der kommunane er medeigarar. Tingvoll samarbeider med Nettet og Sunndal om PP-tenesta. I tillegg er alle nordmørskommunane med på ei ordning der ein i lag med fylket finansierer regionale stillingar for slike tenester.

Sett frå Tingvoll si side er samarbeidet gjennom Orkidé, det felles ordførar- og rådmannskollegiet for Nordmøre, viktig. Ordføraren i Tingvoll trekkjer fram fleire område der Orkidé har spelt ei rolle for samarbeid mellom kommunane, både der Tingvoll har vore involvert og ikkje. Det har vore arbeid med fleire konkrete saker som innkjøpsamarbeid, IKT-breiband (utbygging, drift, overvaking, opplæring), felles plankontor for HAST-kommunane, prosjekt for fellesløyningar innanfor rekneskap, løn, utarbeiding av felles nettportal og fellesprosjekt innanfor barnevern mellom Rindal-Surnadal- Halså og Smøla-Tustna-Aure. Orkidé vil arbeide vidare med samarbeid mellom andre kommunar om barneverntenester, t.d. der Tingvoll samarbeider nærare med Gjemnes, Frei, Kristiansund. Det er også sett i gang eit felles kulturprosjekt (alle kommunane) der det blir sett opp ein kabaret ("På tur med geita") som reiser mellom kommunane og som blir framført i saman med arrangement basert på lokale krefter.



Utover dette er Tingvoll involvert i det interkommunale hamnesamarbeid på Nordmøre og med i det interkommunale renovasjonsselskapet på Nordmøre (NIR). Tingvoll har også meldt seg på i det nye samarbeidet Samspleis, der tanken er å legge ein felles plan for ein del nøkkelprosjekt innan samferdselsektoren på Nordmøre og i Romsdal. Alle kommunane på Nordmøre og delar av Romsdal er inviterte til å delta. Dette er tenkt som eit selskap der ein vil legge til rette for fellesløysingar med tanke på bomfinansiering av nye vegprosjekt, drive lobbyverksemd osb.

For Tingvoll er det mest naturleg å samarbeide med Sunndal. I og med at Nettet også samarbeider med Sunndal, vil det også bli ein del samarbeid som også involverer denne kommunen. Men det vil ofte vere like naturleg å utvikle samarbeid med Frei, Kristiansund og Gjemnes. Gjennom Orkidé kan ein finne samarbeid der det ikkje er naudsynt å binde seg for sterkt i den eine eller andre retninga. Kommunen ligg i midt på Nordmøre og kan trekke på fordelar med kontakt både på indre og ytre. Samstundes er veksten størst på ytre, noko som gjer det ekstra relevant å styrke tilknytninga til kysten. Her er det alt i dag ein del samarbeid på tekniske område og brann når det gjeld beredskap.

Framover er det naturleg å utvikle det samarbeidet som eksisterer per i dag. Vidare kan det vere aktuelt å utvide samarbeidet med omsyn til arealplanlegging på sjø og land, enkelte forvaltningsoppgåver og tenesteproduksjon. Det fremste behovet for utviding av samarbeidet mellom kommunane er likevel knytt til næringslivet og det å skaffe eit breiare grunnlag for å sikre kompetanse og arbeidskraft til arbeidsmarknaden. I tillegg er det behov for samarbeid for å sikre utvikling av kommunikasjonane. For Tingvoll er strekninga Kristiansund – Oppdal førsteprioritet. Standarden på denne vegen er for dårleg. Ordføraren meiner også at Totalfjordprosjektet i for sterk grad er prega av tenking på kontakten mellom Sunndal og Surnadal. Med ein annan trasé ville vegen ha fått større nytte for heile regionen.

Dei største utfordringane for å få til samarbeid, er forskjellane i rammevilkåra for næringsutvikling på Indre Nordmøre. Tingvoll og Sunndal er i ei anna støttesone enn Rindal, Halså og Surnadal. I tillegg er det mangel på lokal risikokapital.

Det ligg også vanskar i det å vere veslebror i eit samarbeid. Sunndal kommune har vore prega av å vere seg sjølv nok. Det er vanskeleg for ein større kommune å gje frå seg kompetanse og mynde til mindre kommunar. Når Nettet og Tingvoll ønskjer ei fordeling på fellestenester, ønskjer Sunndal i større grad at alt skal lokaliserast i sin kommune. Har også opplevd at Sunndal har hatt innvendingar mot industrietablering (pukkverk) i Tingvoll (på grensa mot Sunndal), p.g.a. friluftsiresser blant befolkninga i Sunndal. Dei store er også for lite villige til å dele med dei mindre kommunane. Dette ser ein i forhold til Sunndal og Surnadal, men også i forhold til Kristiansund.

Det er også motsetnader mellom ytre og indre delar av Nordmøre, noko som ein kommune som Tingvoll merkar særleg godt. Dette kom til dømes til syne når temaet manglande risikokapital kom opp i Orkidé. Gjennom ein intensjonsavtale har dei fleste kommunane gått inn i selskapet Bølgen invest (Bølgen næringshage med hovudsete i Kristiansund). Samstundes har Halså, Surnadal, Rindal og kanskje Sunndal ønskje om å ha sitt eigne fond. Dette er døme på at indre er seg sjølv nok, samstundes som ein fryktar for stor dominans frå Kristiansund. Ein er litt for oppteken av å sikre arbeidsplassar berre til seg sjølv.

Frå Tingvoll sin ståstad ønskjer ein eit samarbeid der Orkidé spelar ei sentral rolle. Det å kunne dra veksle både på eit overordna samarbeid der alle er med og meir lokalt samarbeid mellom to eller fleire kommunar er ideelt for Tingvoll. Kjøp og sal av tenester kommunane i mellom kan fungere bra. Det gir ei klar fordeling av ansvar og mynde. Samstundes bør det vere eit mål å ta vare på det demokratiske elementet, noko som tilseier at ein ikkje bør ende opp med mange interkommunale selskap.

Sjølv om Tingvoll ikkje grenser mot kommunar i andre fylke, har kommunen opplevd at at slikt samarbeid kan vere vanskeleg. Dette er mest syneleg ved at det har vore uråd å få RUP-midlar til prosjekt på tvers av fylkesgrensene.

Når det gjeld den allmenne kontakten over kommunegrensene er ikkje denne spesielt omfattande, i alle høve med tanke på deltating på arrangement og liknande i nabokommunane. Slik kontakt går like mykje i retning Kristiansund som Sunndal. Minst er likevel kontakten i retning av Surnadal, der ein er avhengig av ferje. Elles reiser folk frå Tingvoll både til Sunndal, Kristiansund og Molde for å handle, men det er også bra dekning når det gjeld varehandel i eigen kommune, også spesialforretningar.

Er det ein felles identitet blant folket i Tingvoll som går ut over kommunegrensene, så må det vere som nordmøringar. Elles ikkje nokon bestemt identitet som peikar ei bestemt retning med omsyn til kontakt over kommunegrensene. Tingvoll er også på denne måten prega av å ligge på midten blant kommunane på Nordmøre.

### **Neset kommune**

Mykje av samarbeidet Neset kommune er involvert i går i retning av Tingvoll og Sunndal, men samstundes er også mykje av kontakten utad prega av Molde. Neset er også knytt til Romsdal identitetsmessig og gjennom ROR (regionalt samarbeid for Romsdalsregionen). Ein er med i ”Det regionale utviklingsprosjektet” som omfattar kommunane Tingvoll, Neset og Sunndal. Samarbeider med Tingvoll og Sunndal om PP-tenesta, medan ein tidlegare hadde tilsvarande samarbeid med Molde, Misund og Aukra. Det er brannsamarbeid med Rauma, Molde og Sunndal, alt etter kvar i kommunen det er snakk om. Neset Næringshage er eit eige AS, men er knytt til Kunnskapsparken i Molde. I tillegg er kommunen med i Dovrefjellrådet som omfattar kommunane Neset, Oppdal, Lesja, Dovre, Tynset, Følldal og Sunndal. Dette rådet er initiert nasjonalt med tanke på forvaltning av nasjonalparken.

Frå Neset si side er samarbeid på teknisk side det mest aktuelle. Det er då naturleg å orientere seg særleg mot Sunndal, i og med at kommunikasjonane den vegen er gode.

Dei største utfordringane Neset står overfor er å få til næringsutvikling. Kommunen har opplevd tap av mange arbeidsplassar på kort tid. Utfordringa er i første rekke å få inn ny verksemd som erstatning for det som har vore. Her ser kommunen seg primært best tent med å arbeide på eiga hand og ut frå eigne behov. Økonomien i kommunen pressar også fram nye løysingar, noko som gjer at ein må søkje samarbeid over kommunegrensene. For Neset er det viktig at ein likevel får løysingar som gjev tilfredstillande tenester til innbyggjarane i kommunen.

Ulempen med samarbeid er at sentrum blir vinnarar. Utkantane blir tappa for arbeidsplassar og blir meir utkant. Så lenge det dreier seg om praktiske løysingar der alle kan ha ein økonomisk fordel, er det greitt med samarbeid.

Vanskane med å få til samarbeid ligg gjerne i at det krev tilvenningstid hos dei det involverer. Gitt at det viser seg at det fungerer, blir det også akseptert etterkvart.

Innbyggjarane i Nesset opplever seg sjølve som romsdalingar. Kontakten er også størst mot Molde, anten det det gjeld vidaregåande skule, handel, kultur eller arbeidsreiser, i og med at tilbodet er større den vegen.

## Faktablad

## Surnadal kommune

Faktor	Kommunen	Fylket	Landet <sup>8</sup>
Folketal per 1.1.2004	6209	244570	4577457
Andel av befolkninga busett i tettbygd strøk, 2002. Prosent	33	67	76
Endring i folketal 1.1 1995–1.1. 2004	-3,4	1,8	5,3
Framskrivning endring i folketal 2002–2011	-0,2	2,5	4,9
Nettoflytting, 1998–2002	-1,1	-0,3	
Fødselsoverskot, 1998–2002	-0,6	1,3	1,5
Andel kvinner per 100 menn 20–39 år, prosent, 2004	88,0	92,9	97,0
Andel barn/unge og eldre per 100 i yrkesaktiv alder			
Alderssammansetning 10–19 år, 2004	13,7	13,7	12,9
Alderssammansetning 20–39 år, 2004	10,6	12,0	12,5
Andel barn og unge 0-17 år, 2003	23,9	24,2	23,7
Andel eldre 80 år og over, 2003	6,2	5,1	4,5
Andel menn over 16 år med høgare utdanning 2002	12,3	16,5	22,1
Andel kvinner over 16 år med høgare utdanning 2002	14,0	18,2	22,5
Sysselsette med bustad i kommunen per 4. kvartal 2002, prosent av befolkninga, menn	71	75	74
Sysselsette med bustad i kommunen per 4. kvartal 2002, prosent av befolkninga, kvinner	63	67	67
Sysselsettingsendring etter arb.komm 2000–2002	-6,9		
Sysselsettingsendring etter bustadkomm. 2000–2002	-4,4		
Andel sysselsette 25–39 år, menn, 2002	85,4	87,1	84,4
Andel sysselsette 25–39 år, kvinner, 2002	74,0	77,8	77,5
Sysselsette fordelt på næring 2002, prosent:			
Primær	9,4	9,3	9,0
Sekundær	27,4	29,9	24,1
Tertiær	63,2	60,8	66,3
Sysselsette fordelt på sektor 2002, prosent:			
Offentleg forvaltning	29,7	28,7	32,0
Privat sektor og offentlege tiltak	70,3	71,3	67,3
Netto innpendling 2002	-254		
Bruttoinntekt menn over 17 år, 2002	239900	288800	304400
Bruttoinntekt kvinner over 17 år, 2002	148900	166800	185600
Registrerte arbeidsledige 16–74 år som andel av arbeidsstyrken, 2002.	3,8	2,9	3,2
Andel uførepensjonistar 16–66 år. 2002. Prosent	10,1	9,1	9,5
Frie inntekter i kroner per innbyggjar 2002	26156	24356	24135
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar 2002	54595	56040	46696
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar 2002	12264	10383	14 031
Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring, per innbyggjar 6-15 år 2002	62961	58641	57853
Netto driftsutgifter pr innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta 2002	957	1185	1240
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstenesta 2002	11419	9868	8950
Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20–66 år 2002	1189	1793	2438
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barnevernstenesta 2002	1893	2272	3275
Netto driftsutgifter pr. innb. i kr., adm., styring og fellesutgifter 2002	2958	2551	2525
Netto driftsutgifter pr. innb. i kr., adm., styring og fellesutgifter, ekskl. funksjonane 180 og 190. 2003	3739	2996	2733

<sup>8</sup> Frå og med posten "Frie inntekter i kroner per innbyggjar 2002" gjeld samanlikninga landet utanom Oslo.

## Rindal kommune

Faktor	Kommunen	Fylket	Landet <sup>9</sup>
Folketal per 1.1.2004	2118	244570	4577457
Andel av befolkninga busett i tettbygd strøk, 2002. Prosent	31	67	76
Endring i folketal 1.1 1995–1.1. 2004	-2,8	1,8	5,3
Framskrivning endring i folketal 2002–2011	-4,4	2,5	4,9
Nettoflytting, 1998–2002	-2,2	-0,3	
Fødselsoverskot, 1998–2002	-1,3	1,3	1,5
Andel kvinner per 100 menn 20–39 år, prosent, 2004	92,4	92,9	97,0
Andel barn/unge og eldre per 100 i yrkesaktiv alder			
Alderssamansetning 10–19 år, 2004	12,2	13,7	12,9
Alderssamansetning 20–39 år, 2004	10,4	12,0	12,5
Andel barn og unge 0-17 år, 2003	23,0	24,2	23,7
Andel eldre 80 år og over, 2003	8,5	5,1	4,5
Andel menn over 16 år med høgare utdanning 2002	10,3	16,5	22,1
Andel kvinner over 16 år med høgare utdanning 2002	15,7	18,2	22,5
Sysselsette med bustad i kommunen per 4. kvartal 2002, prosent av befolkninga, menn	77	75	74
Sysselsette med bustad i kommunen per 4. kvartal 2002, prosent av befolkninga, kvinner	69	67	67
Sysselsettingsendring etter arb.komm 2000–2002	-2,6		
Sysselsettingsendring etter bustadkomm. 2000–2002	-2,1		
Andel sysselsette 25–39 år, menn, 2002	93,5	87,1	84,4
Andel sysselsette 25–39 år, kvinner, 2002	87,3	77,8	77,5
Sysselsette fordelt på næring 2002, prosent:			
Primær	21,1	9,3	9,0
Sekundær	25,7	29,9	24,1
Tertiær	53,2	60,8	66,3
Sysselsette fordelt på sektor 2002, prosent:			
Offentleg forvaltning	30,1	28,7	32,0
Privat sektor og offentlege tiltak	69,9	71,3	67,3
Netto innpendling 2002	-80		
Bruttoinntekt menn over 17 år, 2001	233800	288800	304400
Bruttoinntekt kvinner over 17 år, 2001	156000	166800	185600
Registrerte arbeidsledige 16–74 år som andel av arbeidsstyrken, 2002.	1,9	2,9	3,2
Andel uførepensjonistar 16–66 år. 2002. Prosent	10,0	9,1	9,5
Frie inntekter i kroner per innbyggjar 2002	29216	24356	24135
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar 2002	63149	56040	46696
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar 2002	18079	10383	14031
Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring, per innbyggjar 6-15 år 2002	58236	58641	57853
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta 2002	1436	1185	1240
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstenesta 2002	13442	9868	8950
Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20–66 år 2002	640	1793	2438
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barnevernstenesta 2002	2454	2272	3275
Netto driftsutgifter pr. innb. i kr., adm., styring og fellesutgifter 2002	3448	2551	2525
Netto driftsutgifter pr. innb. i kr., adm., styring og fellesutgifter, ekskl. funksjonane 180 og 190. 2003	4187	2996	2733

<sup>9</sup> Frå og med posten "Frie inntekter i kroner per innbyggjar 2002" gjeld samanlikninga landet utanom Oslo.

## Halsa kommune

Faktor	Kommunen	Fylket	Landet <sup>10</sup>
Folketal per 1.1.2004	1714	244570	4577457
Andel av befolkninga busett i tettbygd strøk, 2002. Prosent	0	67	76
Endring i folketal 1.1 1995–1.1. 2004	-15,3	1,8	5,3
Framskrivning endring i folketal 2002–2011	-8,3	2,5	4,9
Nettoflytting, 1998–2002	-4,4	-0,3	
Fødselsoverskot, 1998–2002	-3,3	1,3	1,5
Andel kvinner per 100 menn 20–39 år, prosent, 2004	89,9	92,9	97,0
Andel barn/unge og eldre per 100 i yrkesaktiv alder			
Alderssamansetning 10–19 år, 2004	12,3	13,7	12,9
Alderssamansetning 20–39 år, 2004	11,4	12,0	12,5
Andel barn og unge 0-17 år, 2003	20,0	24,2	23,7
Andel eldre 80 år og over, 2003	7,6	5,1	4,5
Andel menn over 16 år med høgare utdanning 2002	9,8	16,5	22,1
Andel kvinner over 16 år med høgare utdanning 2002	16,8	18,2	22,5
Sysselsette med bustad i kommunen per 4. kvartal 2002, prosent av befolkninga, menn	73	75	74
Sysselsette med bustad i kommunen per 4. kvartal 2002, prosent av befolkninga, kvinner	65	67	67
Sysselsettingsendring etter arb.komm 2000–2002	-2,6		
Sysselsettingsendring etter bustadkomm. 2000–2002	-1,3		
Andel sysselsette 25–39 år, menn, 2002	87,1	87,1	84,4
Andel sysselsette 25–39 år, kvinner, 2002	77,2	77,8	77,5
Sysselsette fordelt på næring 2002, prosent:			
Primær	21,0	9,3	9,0
Sekundær	21,7	29,9	24,1
Tertiær	57,3	60,8	66,3
Sysselsette fordelt på sektor 2002, prosent:			
Offentleg forvaltning	31,7	28,7	32,0
Privat sektor og offentlege tiltak	68,3	71,3	67,3
Netto innpendling 2002	-91		
Bruttoinntekt menn over 17 år, 2001	243200	288800	304400
Bruttoinntekt kvinner over 17 år, 2001	147600	166800	185600
Registrerte arbeidsledige 16–74 år som andel av arbeidsstyrken, 2002.	2,6	2,9	3,2
Andel uførepensjonistar 16–66 år. 2002. Prosent	11,3	9,1	9,5
Frie inntekter i kroner per innbyggjar 2002	34009	24356	24135
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar 2002	61103	56040	46696
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar 2002	22969	10383	14 031
Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring, per innbyggjar 6-15 år 2002	76191	58641	57853
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta 2002	1667	1185	1240
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstenesta 2002	10309	9868	8950
Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20–66 år 2002	1183	1793	2438
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barnevernstenesta 2002	1361	2272	3275
Netto driftsutgifter pr. innb. i kr., adm., styring og fellesutgifter 2002	3952	2551	2525
Netto driftsutgifter pr. innb. i kr., adm., styring og fellesutgifter, ekskl. funksjonane 180 og 190. 2002	4540 <sup>11</sup>	2996	2733

<sup>10</sup> Frå og med posten "Frie inntekter i kroner per innbyggjar 2002" gjeld samanlikninga landet utanom Oslo.

<sup>11</sup> Tala for Halsa er frå 2002, medan tala vi kan samanlikne med gjeld 2003.

## Sunndal kommune

Faktor	Kommunen	Fylket	Landet <sup>12</sup>
Folketal per 1.1.2004	7409	244570	4577457
Andel av befolkninga busett i tettbygd strøk, 2002. Prosent	70	67	76
Endring i folketal 1.1 1995–1.1. 2004	-1,4	1,8	5,3
Framskrivning endring i folketal 2002–2011	1,5	2,5	4,9
Nettoflytting, 1998–2002	0,1	-0,3	
Fødselsoverskot, 1998–2002	0,2	1,3	1,5
Andel kvinner per 100 menn 20–39 år, prosent, 2004	93,9	92,9	97,0
Andel barn/unge og eldre per 100 i yrkesaktiv alder			
Alderssamansetning 10–19 år, 2004	13,1	13,7	12,9
Alderssamansetning 20–39 år, 2004	10,8	12,0	12,5
Andel barn og unge 0-17 år, 2003	22,8	24,2	23,7
Andel eldre 80 år og over, 2003	5,2	5,1	4,5
Andel menn over 16 år med høgare utdanning 2002	16,3	16,5	22,1
Andel kvinner over 16 år med høgare utdanning 2002	16,0	18,2	22,5
Sysselsette med bustad i kommunen per 4. kvartal 2002, prosent av befolkninga, menn	75	75	74
Sysselsette med bustad i kommunen per 4. kvartal 2002, prosent av befolkninga, kvinner	66	67	67
Sysselsettingsendring etter arb.komm 2000–2002	5,2		
Sysselsettingsendring etter bustadkomm. 2000–2002	0,4		
Andel sysselsette 25–39 år, menn, 2002	90,6	87,1	84,4
Andel sysselsette 25–39 år, kvinner, 2002	83,3	77,8	77,5
Sysselsette fordelt på næring 2002, prosent:			
Primær	5,7	9,3	9,0
Sekundær	40,7	29,9	24,1
Tertiær	53,7	60,8	66,3
Sysselsette fordelt på sektor 2002, prosent:			
Offentleg forvaltning	25,6	28,7	32,0
Privat sektor og offentlege tiltak	74,4	71,3	67,3
Netto innpendling 2002	204		
Bruttoinntekt menn over 17 år, 2001	283100	288800	304400
Bruttoinntekt kvinner over 17 år, 2001	167500	166800	185600
Registrerte arbeidsledige 16–74 år som andel av arbeidsstyrken, 2002.	3,8	2,9	3,2
Andel uførepensjonistar 16–66 år. 2002. Prosent	10,1	9,1	9,5
Frie inntekter i kroner per innbyggjar 2002	24499	24356	24135
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar 2002	44426	56040	46696
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar 2002	20462	10383	14031
Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring, per innbyggjar 6-15 år 2002	61989	58641	57853
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta 2002	1315	1185	1240
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstenesta 2002	11708	9868	8950
Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20–66 år 2002	2673	1793	2438
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barnevernstenesta 2002	2282	2272	3275
Netto driftsutgifter pr. innb. i kr., adm., styring og fellesutgifter 2002	2429	2551	2525
Netto driftsutgifter pr. innb. i kr., adm., styring og fellesutgifter, ekskl. funksjonane 180 og 190. 2003	3888	2996	2733

<sup>12</sup> Frå og med posten "Frie inntekter i kroner per innbyggjar 2002" gjeld samanlikninga landet utanom Oslo.



## Tingvoll kommune

Faktor	Kommunen	Fylket	Landet <sup>13</sup>
Folketal per 1.1.2004	3120	244570	4577457
Andel av befolkninga busett i tettbygd strøk, 2002. Prosent	33	67	76
Endring i folketal 1.1 1995–1.1. 2004	-4,2	1,8	5,3
Framskrivning endring i folketal 2002–2011	-0,4	2,5	4,9
Nettoflytting, 1998–2002	2,5	-0,3	
Fødselsoverskot, 1998–2002	-0,9	1,3	1,5
Andel kvinner per 100 menn 20–39 år, prosent, 2004	93,6	92,9	97,0
Andel barn/unge og eldre per 100 i yrkesaktiv alder			
Alderssamansetning 10–19 år, 2004	13,4	13,7	12,9
Alderssamansetning 20–39 år, 2004	10,2	12,0	12,5
Andel barn og unge 0-17 år, 2003	21,9	24,2	23,7
Andel eldre 80 år og over, 2003	6,9	5,1	4,5
Andel menn over 16 år med høgare utdanning 2002	14,6	16,5	22,1
Andel kvinner over 16 år med høgare utdanning 2002	18,1	18,2	22,5
Syssette med bustad i kommunen per 4. kvartal 2002, prosent av befolkninga, menn	69	75	74
Syssette med bustad i kommunen per 4. kvartal 2002, prosent av befolkninga, kvinner	61	67	67
Syssettingsendring etter arb.komm 2000–2002	-6,9		
Syssettingsendring etter bustadkomm. 2000–2002	0,8		
Andel syssette 25–39 år, menn, 2002	89,6	87,1	84,4
Andel syssette 25–39 år, kvinner, 2002	75,9	77,8	77,5
Syssette fordelt på næring 2002, prosent:			
Primær	12,1	9,3	9,0
Sekundær	26,5	29,9	24,1
Tertiær	61,4	60,8	66,3
Syssette fordelt på sektor 2002, prosent:			
Offentleg forvaltning	34,8	28,7	32,0
Privat sektor og offentlege tiltak	65,2	71,3	67,3
Netto innpendling 2002	-410		
Bruttoinntekt menn over 17 år, 2001	231400	288800	304400
Bruttoinntekt kvinner over 17 år, 2001	151500	166800	185600
Registrerte arbeidsledige 16–74 år som andel av arbeidsstyrken, 2002.	1,5	2,9	3,2
Andel uførepensjonistar 16–66 år. 2002. Prosent	13,4	9,1	9,5
Frie inntekter i kroner per innbyggjar 2002	30059	24356	24135
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar 2002	74834	56040	46696
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar 2002	13419	10383	14031
Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring, per innbyggjar 6-15 år 2002	59165	58641	57853
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta 2002	1452	1185	1240
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstenesta 2002	9583	9868	8950
Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20–66 år 2002	3457	1793	2438
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barnevernstenesta 2002	2219	2272	3275
Netto driftsutgifter pr. innb. i kr., adm., styring og fellesutgifter 2002	4832	2551	2525
Netto driftsutgifter pr. innb. i kr., adm., styring og fellesutgifter, ekskl. funksjonane 180 og 190. 2003	4837	2996	2733

<sup>13</sup> Frå og med posten "Frie inntekter i kroner per innbyggjar 2002" gjeld samanlikninga landet utanom Oslo.

## Neset kommune

Faktor	Kommunen	Fylket	Landet <sup>14</sup>
Folketal per 1.1.2004	3201	244570	4577457
Andel av befolkninga busett i tettbygd strøk, 2002. Prosent	36	67	76
Endring i folketal 1.1 1995–1.1. 2004	-2,7	1,8	5,3
Framskrivning endring i folketal 2002–2011	-1,1	2,5	4,9
Nettoflytting, 1998–2002	0,3	-0,3	
Fødselsoverskot, 1998–2002	-1,0	1,3	1,5
Andel kvinner per 100 menn 20–39 år, prosent, 2004	93,0	92,9	97,0
Andel barn/unge og eldre per 100 i yrkesaktiv alder			
Alderssamansetning 10–19 år, 2004	15,1	13,7	12,9
Alderssamansetning 20–39 år, 2004	9,7	12,0	12,5
Andel barn og unge 0-17 år, 2003	25,6	24,2	23,7
Andel eldre 80 år og over, 2003	6,2	5,1	4,5
Andel menn over 16 år med høgare utdanning 2002	8,2	16,5	22,1
Andel kvinner over 16 år med høgare utdanning 2002	14,3	18,2	22,5
Sysselsette med bustad i kommunen per 4. kvartal 2002, prosent av befolkninga, menn	74	75	74
Sysselsette med bustad i kommunen per 4. kvartal 2002, prosent av befolkninga, kvinner	65	67	67
Sysselsettingsendring etter arb.komm 2000–2002	22,0?		
Sysselsettingsendring etter bustadkomm. 2000–2002	-0,7		
Andel sysselsette 25–39 år, menn, 2002	90,7	87,1	84,4
Andel sysselsette 25–39 år, kvinner, 2002	82,7	77,8	77,5
Sysselsette fordelt på næring 2002, prosent:			
Primær	7,9	9,3	9,0
Sekundær	34,5	29,9	24,1
Tertiær	57,6	60,8	66,3
Sysselsette fordelt på sektor 2002, prosent:			
Offentleg forvaltning	31,6	28,7	32,0
Privat sektor og offentlege tiltak	68,4	71,3	67,3
Netto innpendling 2002	-128		
Bruttoinntekt menn over 17 år, 2001	266700	288800	304400
Bruttoinntekt kvinner over 17 år, 2001	150000	166800	185600
Registrerte arbeidsledige 16–74 år som andel av arbeidsstyrken, 2002.	2,4	2,9	3,2
Andel uførepensjonistar 16–66 år. 2002. Prosent	10,0	9,1	9,5
Frie inntekter i kroner per innbyggjar 2002	29602	24356	24135
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar 2002	55760	56040	46696
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar 2002	33995	10383	14031
Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring, per innbyggjar 6-15 år 2002	67045	58641	57853
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta 2002	1326	1185	1240
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstenesta 2002	12441	9868	8950
Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20–66 år 2002	1283	1793	2438
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barnevernstenesta 2002	792	2272	3275
Netto driftsutgifter pr. innb. i kr., adm., styring og fellesutgifter 2002	3725	2551	2525
Netto driftsutgifter pr. innb. i kr., adm., styring og fellesutgifter, ekskl. funksjonane 180 og 190. 2002	4704 <sup>15</sup>	2996	2733

<sup>14</sup> Frå og med posten "Frie inntekter i kroner per innbyggjar 2002" gjeld samanlikninga landet utanom Oslo.

<sup>15</sup> Tala for Neset er frå 2002, medan tala vi kan samanlikne med gjeld 2003.

## Referansar

- Amdam, J, Barstad, J, Dyrhol, I, Roppen, J og Tangen, G (2004). *Strategisk analyse av kommunestruktur på Søre Sunnmøre*. Volda: Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda.
- Arbo, P. og O. Bukve (1990): Regionalpolitiske snuopperasjoner og lokale handlingsmiljø. I H. Baldersheim (red.): *Fornyelse nedenfra*. NordREFO 1990:5.
- Arbo P. og H. Gammelsæter (2004) (red.): *Innovasjonspolitikken scenario*. Tapir akademisk forlag. Trondheim.
- Bjarnar, O. Løseth, A. og Gammelsæter, H (2004). Næringskulturer på Nord-Vestlandet. Myter og realiteter. . I: Gammelsæter, H, Bukve, O. Og Løseth, A. (red.). *Nord-Vestlandet – liv laga?*, 74–89. Sunnmørsposten Forlag.
- Båtevik, F. O. (2003). *Demografi og mobilitet i Møre og Romsdal. Flyttehistoriene til årskulla fødte 1955–64*. Arbeidsrapport nr. 134. Volda: Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda.
- Engebretsen, Ø. (2001). *Senterstruktur og servicenæringenes lokaliseringmønster: betydning av veibygging og økt mobilitet*. TØI rapport; 513/2001. Oslo: Transportøkonomisk institutt.
- Gammelsæter, H, Bukve, O. Og Løseth, A. (red.). *Nord-Vestlandet – liv laga?* Sunnmørsposten Forlag. Ålesund.
- Granovetter, M.C. (1985): Economic Action and Social Structure: The problem of embeddedness. *American Journal of Sociology*, 91 (3):481-510.
- Healey, P. 1997. Collaborative Planning. Shaping Places in Fragmented Societies. Macmillan Press LTD. London.
- Innvik, P. E. og Ulvund, A. (1990). *Fra bondebygd til industristed: hovedlinjer i Sunndals historie 1850–1990*. Sunndalsøra: Didakta forlag.
- Løseth, A. (2004). Region, kultur og økonomi – Nord-Vestlandet 1850–1975. I: Gammelsæter, H, Bukve, O. Og Løseth, A. (red.). *Nord-Vestlandet – liv laga?*, 22-51. Sunnmørsposten Forlag.
- Myklebost, H. (1960). *Norges tettbygde steder 1875–1950*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Myklebost, H. (1979). *Norges tettsteder. Folketall og næringsstruktur*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nesse, J. G. (2004). Rapport frå Hydroland. . I: Gammelsæter, H, Bukve, O. Og Løseth, A. (red.). *Nord-Vestlandet – liv laga?*, 90–106. Sunnmørsposten Forlag.
- Nilsson, J.-E. 1998: *Blomstrande näringsliv. Krafter och motkrafter bakom förändringar i europeiska och amerikanska regioner*. Kungl. Ingeniörsvetenskapsakademien. Stockholm.
- Porter, M. E. 1990: *The Competitive Advantage of Nations*. London: Macmillan
- Putnam, R.D. 1993: *Making democracy work: civic traditions in modern Italy*. Princeton, N.J.: Princeton University Press.
- Sørli, K. (2003). *Demografi og mobilitet i Møre og Romsdal. Flyttebalanser, alderskjevheter og framtidsutsikter*. Notat 2003:101. Oslo:NIBR.
- Storper, M. 1997: *The regional world: Territorial development in a global economy*. New York: Guilford.
- Stöhr, W.B. 1990: «Synthesis», «Introduction» og «On the theory and practice of local development in Europa», i Stöhr, W.B. (red.): *Global Challenge and Local Response*. London and New York: Mansell.
- Teigen H. (2004): Kollektivt entreprenørskap; et alternativ også i fremtiden? I Gammelsæter, H, Bukve, O. Og Løseth, A. (red.). *Nord-Vestlandet – liv laga?*, 74–89. Sunnmørsposten Forlag.
- Törnquist, T. 1997: *Människa, teknik och territorium*. NordREFO. 1997:4. Stockholm.
- Wennevold, S. (1974). *Bosettingsendringer i Sunndal og Surnadal 1946–1970*. Bergen: Institutt for geografi.